

# Kommunedelplan

- for anlegg og område
- for idrett og friluftsliv



**2006 - 2009**

# Kvam herad

## Kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 2006-2009

### Innhald:

#### 1. Innleiing

- 1.1 Generell innleiing
- 1.2 Mål for planarbeidet.
- 1.3 Organisering av planarbeidet

#### 2. Samfunnsverdien av idrett og friluftsliv.

- 2.1 Fysisk fostring og forskingsresultat.
- 2.2 Idretten si rolle i samfunnet.
- 2.3 Idrett og friluftsliv sin eigenverdi.
- 2.4 Idrett og friluftsliv som førebyggjande faktor for helsa.
- 2.5 Idrett og friluftsliv sin verdi for livsstil og trivsel
- 2.6 Det offentlege sitt ansvar.

#### 3. Definisjonar og klassifisering av anlegg og område.

- 3.1. Idrett.
- 3.2. Friluftsliv.
- 3.3. Idrettsanlegg.
- 3.4. Konkurransanlegg
  - 3.4.1 Lokale anlegg
  - 3.4.2 Kommuneanlegg.
  - 3.4.3 Interkommunale/regions anlegg.
  - 3.4.4 Fylkesanlegg.
  - 3.4.5 Riksanlegg
- 3.5. Nærmiljøanlegg
- 3.6. Anlegg for friluftsliv.

#### 4. Anleggssituasjonen i dag.

- 4.1 Vedtak i samband med kommuneplanen for anlegg og område for idrett og friluftsområde 2000-2004.
- 4.2 Status i høve planen frå 2000-2004.
- 4.3 Oversikt over eksisterande idrettsanlegg.
- 4.4 Oversikt over friluftsområde.
- 4.5 Registrerte planar for anlegg 2006-2009.

#### 5. Vurdering av anleggssituasjonen og aktivitet.

- 5.1 Generelt om anlegg og aktivitet.
- 5.2 Utviklingstrekk frå 2000 til i dag.
- 5.3 Fotball
- 5.4 Friidrett
- 5.5 Hallaktivitetar.
- 5.6 Symjing.
- 5.7 Ski
- 5.8 Skyttarlaga sin aktivitet.
- 5.9 Golfanlegg
- 5.10 Andre idrettsaktivitetar.
- 5.11 Orienteringskart.
- 5.12 Nærmiljøanlegg
- 5.13 Friluftsliv.
- 5.14 Treningssenter.

## **6. Trong for nye anlegg.**

- 6.1 Idrettsanlegg
- 6.2 Nærmiljøanlegg
- 6.3 Friluftsanlegg.
- 6.4 Nye anleggstypar.

## **7. Handlingsprogram.**

- 7.1 Grunnlag for prioritering av idrettsanlegg:
- 7.2 4-årig prioritert plan med kostnads og finansieringsvurdering.
- 7.3 12-årig plan.
- 7.4 Endring av prioritering.

## **8. Økonomi.**

- 8.1 Anleggskostnader/Finansiering
- 8.2 Driftskostnader som fylgje av investering.

## **9. Vedtak i Kvam heradsstyre.**

(Vert skrive inn etter handsaming i heradsstyret)

# ***1. Innleiing:***

## **1.1 Generell innleiing:**

Kommunedelplanen for anlegg til idrett og friluftsføremål er eit resultat av det plankravet som Kulturdepartementet har innført når det gjeld tildeling av spelemidlar til anlegg for idrett og friluftsliv. Plankravet er stadfesta i rundskriv frå Kulturdepartementet V-35/93 og V-0798. Planen skal utarbeidast som kommunedelplan etter krava i plan og bygningslova. § 20-1, § 20-2 og § 20-5.

Planen skal vidare knytast opp mot kommuneplanen sin arealdel for å få juridisk heimel. Det er sett følgjande minstekrav til planen.

- Målsetting for anleggsutbygginga i heradet.
- Analyse av langsiktige behov.
- Arealbehova vert tekne inn i kommuneplanen sin arealdel.
- Prioritert handlingsprogram for utbygging dei næraste 4 åra.
- Oppstilling av uprioritert liste over langsiktige behov (10-12år)
- Drift og vedlikehald.

Departementet har inntil vidare øymerkt midlar til nærmiljøanlegg, men ein har no oppheva tidlegare ordning med at rehabilitering av anlegg får eigen status slik at for perioden 2006-2009 vil nyanlegg og rehabilitering av anlegg verta prioritert i same gruppe.

Planen vil såleis omhandla følgjande anleggstypar:

1. Konkurranselanlegg (nye og rehabilitering)
2. Nærmiljøanlegg
3. Anlegg for friluftsliv.

Alle anlegg som ein kan søkja om spelemidlane til , skal takast med i planen.

Det er tidlegare gjort ei grundig registrering av alle anlegg i kommunen og desse er no registrert i eit nasjonalt anleggsregister. Dette vert oppdatert kvart år.

Nye anlegg vert registrerte etter kvart som dei søkjer om spelemidlar.

Vi har difor ikkje gjort noko ny registrering av eksisterande anlegg men byggjer på oversikter i det eksisterande anleggsregisteret. Desse er også kartfesta med koordinatar.

Vi har heller ikkje gjort ny registrering av aktivitet i dei ymse laga, men byggjer på ei meir generell vurdering av dei årlege rapportane om aktivitet som laga sender inn i samband med søknader om driftsstønad.

Ein slik plan skal byggja på dokumentert trong. Vi har difor sendt skriv med informasjon om planarbeidet til idrettslag, skyttarlag, friluftorganisasjonar, grendalag og skular med skjema for registrering av framtidige anleggsbehov.

## **1.2 Mål for planen:**

### **Visjonen i kommuneplanen:**

**”Kvam herad skal vera den beste nærings- og bukommunen i Hordaland”**

### **Hovudmål for kommuneplanen:**

**”Kvam herad skal ha ein vekst i folketal til 10 000 innbyggjarar om 10 år. Grunnlaget for veksten skal vera næring, busetnad, kultur og offentlege tenester.”**

### **Overordna mål for kommunedelplanen for anlegg og område for idrett og friluftsliv:**


Målet for planen er å leggja til rette for ei anleggsutvikling for idrett og friluftsliv som gjev alle innbyggjarane i Kvam eit variert og godt fysisk aktivitetstilbod med sikte på å styrkja helse, trivsel og fellesskap.

**Resultatmål:**

Planen skal føra fram til eit prioritert handlingsprogram og ein langtidsplan som oppfyller dei krav som Kulturdepartementet set for å gje tilskot til idretts og friluftsanlegg. Disponering av areal skal knytast opp mot kommuneplanen sin arealdel, og økonomiske konsekvensar skal innarbeidast i kommunen sin økonomiplan.

### 1.3 Organisering av planarbeidet:

Prosjektplan for utarbeiding av kommunedelplan for anlegg for idrett og friluftsliv.



Planforslag ferdig 01.10 2005

Handsaming Formannskapet veke 44 2005

Høyringsrunde 07.11-09.12 2005

Politisk vedtak: August/September 2006

## **2. Samfunnsverdien av idrett og friluftsliv.**

### **2.1 Fysisk fostring og forskning**

Menneskekroppen er skapt for aktivitet, og det å få bruka kroppen sin kan sjåast på som eit av primærbehova. Regelmessig fysisk aktivitet er naudsynt for normal vekst hos born og unge, og for utviklinga av funksjonelle kvalitetar. Fysisk aktivitet fremjar både fysisk og psykososial helse. Motorisk kompetanse blant born er viktig for sjølvbilete generelt og gjev meistring av praktiske oppgåver i kvardagen.

Dette er tilsynelatande eit paradoks i eit moderne samfunn som er prega av eit forrykande tempo samstundes som kvardagen for einskildmennesket ber preg av eit stadig meir stillesitjande og inaktivt liv. I dag er fysisk aktivitet ein mangel i alle aldersgrupper.

**Visste du til dømes dette:**

### **Barn og unge**

- Born sitter i gjennomsnitt 3 timar dagleg framfor skjerm (Ellen Haug, Sosial- og Helsedirektoratet. 2002)
- Ein 10-åring sit i gjennomsnitt 10 timar dagleg. (Ellen Haug, Sosial- og Helsedirektoratet. 2002)
- 10-13 åringar har spesielt mykje skjermaktivitet og organisert aktivitet. (Ellen Haug, Sosial- og Helsedirektoratet. 2002)
- De siste 20 åra har vi sett 13 % nedgang i fysisk form og ein sterk vektauke. Mellom 9-åringane har jentene blitt 3,7 kg og gutane 3,9 kg tyngre samanlikna med 1975. (Lena Klasson Heggebø, Norges Idrettshøgskole)

### **Vaksne:**

- 2 av 5 nordmenn vert verande i sofaen (K.Ø. nr. 4-98)
- Overvekt er ikkje lenger berre eit velferdsfenomen, men eit trugande helseproblem som rammar alle lag av folket. (Statens helseundersøking)
- Sidan 1965 har kvinner hatt ei vektauke på 3,7 kg og menn 3,1 kg (Prof. Strømme, 2002)
- Fleire studiar har vist en økt helseisiko ved inaktivitet og dårleg fysisk form.
- Både blant unge og vaksne er utviklinga at me får større sosiale skilnader i helse og helsevaner. Dei med kort utdanning har ein meir usunn livsstil enn dei med lengre utdanning.

*Me har i aukande grad ein livsstil som er i konflikt med det vi er skapt for.*

Konsekvensane av ei slik utvikling kan gi store helseproblem for den einskilde og bli svært kostbart for samfunnet. Samfunnet må leggja til rette for at flest mogeleg held seg aktive og friske. Idrett og friluftsliv er heilt sentralt i arbeidet med å betra folkehelsa.

### **2.2 Idretten og friluftslivet si rolle i samfunnet.**

Folk si fritid har auka i fleire tiår. Samfunnet har ansvar for å leggja til rette for fornuftige og nyttige aktivitetar for folk flest. For mange er idrett og friluftsliv i dag viktig i kvardagen. "Å gå tur" er mykje eit norsk særpreg samanlikna med mange andre land.

Det er vanskeleg å finne eit aktivitetsområde som mobiliserer så mange, og som engasjerer så sterkt på tvers av etablerte strukturar og kulturelle skiljeliner som det fysisk aktivitet gjer.

Men som forskinga viser, så har me fått sosiale skilnader i våre helsevaner, inkludert fysisk fostring. Det er difor ei utfordring å legge til rette for fysisk fostring på ulikt nivå. Eit tankekors her er at studiar viser at barn rører seg dobbelt så mykje når dei er utan vaksne, medan mykje av fritida no vert brukt på organisert og vaksenstyrt aktivitet i idrettshallar.

### **2.3 Idrett og friluftsliv sin eigenverdi.**

Det sentrale ved fysisk aktivitet er den opplevinga dette gjev, denne opplevinga er ein verdi i seg sjølv. Den gleda kvar einskild kjenner ved å driva med fysisk aktivitet er viktig. Gjennom idrett og kroppsøving får vi høve til å vera "leikande menneske". Dette er særst viktig i ein kvardag som elles ofte er prega av krav, plikter og ansvar. Gjennom aktivitet i friluft vil vi i tillegg få naturopplevingar og auka kunnskap om natur og miljø.

Filosofar og vitskapsmenn har gjennom tidene framheva leiken som det fundamentale for mennesket. Johan Huizingas framhevar i *Homo ludiens*, leiken som det grunnleggjande element i all kultur.

Gleda ved opplevinga av meistring, er det sentrale motiv for dei fleste som driv med fysisk aktivitet, uansett kva nivå ein er på, og om ein er medaljevinnar i OL eller friluftsmenneske.

### **2.4 Idrett og friluftsliv som førebyggjande faktor for helse.**

Fysisk aktivitet synest å vera den viktigaste helsefremjande faktor vi kjenner (Hjort, 1984 - sem. rapport). Det har vist seg at fysisk aktivitet i born- og ungdomsåra har stor innverknad på helse seinare i livet.(fedme, diebetes 2, hjerte- og karsjukdomar, ulike kreftformer, beinskjørheit og artroser.)

Omfattande granskingar syner at fysisk inaktivitet kan isolerast som ein sjølvstendig risikofaktor på same nivå som høgt blodtrykk, høgt kolesterolnivå i blodet og røyking.

Vidare syner undersøkingar at det skal relativt lite til av regelbunden fysisk aktivitet før risikoen for sjukdom og tidleg død minkar.(St. meld. nr 41,s.53). Nokre få timar med regelbunden mosjon i veka har dokumentert førebyggjande verknad på helsetilstanden.

Stoda i dag er at fysisk aktivitet spelar ei stor rolle for den einskilde si helse, men alt for lita rolle for folkehelsa. Skal fysisk aktivitet få avgjerande effekt på den totale folkehelsa, må den drivast av mange - helst alle. Den største helsegevinsten ved fysisk aktivitet får ein frå ingen fysisk aktivitet, til fysisk aktivitet med låg intensitet, d.v.s. 30.min. dagleg fysisk aktivitet. (Lena Klasson Heggebø, Norges idrettshøgskole)

Ein ser i dag at meir og meir av den organiserte aktiviteten er knytt til innadørs anlegg og øvingsrom. Det bør vera ei viktig oppgåve å stimulera til at idrettar som kombinerer fysisk aktivitet med natur og opplevingar i friluft, får best mogeleg vilkår. Særleg må skuleverket si undervising i kroppsøving leggja stor vekt på dette.

### **2.5 Idrett og friluftsliv sin verdi for livsstil og trivsel.**

Railo og Ommundsen (1983) går så langt som å hevda at idretten spelar ei viktigare psykososial og kulturell rolle enn den somatiske rolla. Dette gjeld også for friluftslivet.

Forskinga viser også at idrettsaktive unge er representantar for ein meir helsefremjande livsstil enn inaktive born og unge.

Idrett og friluftsliv er vidare berarar av eit sterkt ibuande spenning- og utfordringspotensiale. Dette er viktig i ei tid då ein gjerne snakkar om jakta på spenning i eit gjennomregulert samfunn, og der m.a. dei unge sitt rusmiddelforbruk delvis kan førast tilbake til ei søking etter og trong for å oppleva spenning.

### **2.6 Det offentlege sitt ansvar.**

Det er ingen spesiell lovheimel som stadfester det offentlege sitt ansvar for å leggja til rette for fysisk aktivitet som ein førebyggjande helsefaktor. Det er likevel sterke føringar på at staten ser dette som viktig. I St.meld. nr 4 (1999-2000) *Idrettslivet i endring - Om statens*

*forhold til idrett og fysisk aktivitet, er visjonen "Idrett og fysisk aktivitet for alle" sterkt understreka. Denne fekk brei tilslutning frå Stortinget. I denne samanhengen kan ein og visa til "Handlingsplan for fysisk aktivitet 2005-2009. Sammen for fysisk aktivitet"* Det er også eit krav ved tildeling av spelemidlar at idrettsanlegg så langt som mogeleg skal vera tilrettelagt for funksjonshemma brukarar.

Organisasjonane si hovudoppgåve er å aktivisera folket., og i St.meld.nr 41 1991-92 er det understreka at det er det offentlege sitt ansvar å *planleggja, byggja og driva anlegga.*

I praksis er det likevel framleis slik at dei fleste idrettsanlegg vert bygde av dei frivillige organisasjonane og det ligg også ein vesentleg samfunnsverdi i at den frivillige innsatsen vert teke vare på så lenge dette ikkje går ut over det frivillige arbeidet med å skapa og stimulera til fysisk aktivitet. Refusjon av moms burde såleis gjelda for frivillige organisasjonar på same måte som for det offentlege.

### **3. Definisjonar og klassifisering av anlegg og område.**

#### **3.1. Idrett.**

Definisjonen på idrett har tradisjonelt vore at det er ein aktivitet der fysisk bruk av kroppen skal vera avgjerande for resultatet. I seinare tid har taktikk, utstyr og mentale føresetnader vorte stadig meir avgjerande.

Norsk idrett manglar i dag ein klar definisjon av sin aktivitet, noko som gjer opptak av nye aktivitetar noko tilfeldig.

Kroppsleg aktivitet og rørsle er likevel det grunnleggjande element både i mosjon- og konkurranseidrett

Bruk av kroppen i idrett skil seg frå kroppsbruk i arbeid og kvardagslege gjeremål, då trivsel og glede står meir sentralt i idrettsomgrepet.

#### **3.2. Friluftliv.**

Definisjonen på friluftsliv er etter stortingsmelding nr. 40. 1986-87 er:

*"Opphold og fysisk aktivitet i friluft i fritiden med sikte på miljøforandring og naturopplevelse."*

Omgrepet friluftsliv er tradisjonelt bunde til aktivitetar i friluft, der siktemålet mellom anna er å kunna opphalda seg fritt i natur- og kulturlandskapet, oppleva naturen sitt mangfald, driva matauk, søkja ro og einsemd og koma seg vekk frå støy og ureining i byar og tettstader.

Ut frå definisjonen av idrett og friluftsliv er ei rekkje idrettsaktivitetar også friluftsliv, og mange aktivitetar som vert rekna som friluftsliv kjem inn under det utvida idrettsomgrepet, Konkurranseidrett fell likevel i hovudsak utafør friluftsomgrepet.

#### **3.3. Idrettsanlegg.**

**Norges idrettsforbund definerer idrettsanlegg som:**

*"Et område, sted eller anlegg som på grunn av sin utforming og beliggenhet eigner seg for idrettslig aktivitet."*

Denne definisjonen av idrettsomgrepet medfører at idrettsanlegg i tillegg til anlegg for konkurranse- og eliteidrett også inkluderer område og anleggstypar for mosjonsprega aktivitetar og friluftsliv, som t.d. ballplassar, turstiar og turvegar, badeplassar, leikeplassar friområde, gymnastikksalar, trimrom m.v.

I arbeid med planar for idrettsanlegg brukar ein ofte følgjande definisjonar:

"Anleggstype" som fortel kva type aktivitet og idrett anlegget er tilrettelagt for.

(T.d. symjehall, tursti, fotballbane o.s.v.)



*"Anleggskategori"* som fortel kva geografisk område anlegget skal dekkja og kva funksjon anlegget skal ha i høve til brukarane.

### **3.4. Konkurransanlegg.**

Eit konkurransanlegg er eit anlegg som skal kunna dekkja idrettskonkurransar gjennomført etter "Norges Idrettsforbund" sine konkurranseregjar for dei aktuelle idrettsgreinene. Tilskotet frå spelemidlane er som hovudregel ein 1/3 av kostnad avgrensa opp til kr 700 000,- For spesielle kostnadskrevjande anlegg er det eigne satsar som vert fastsett kvart år. Ein deler gjerne desse inn i følgjande anleggs- kategoriar:

#### **3.4.1 Lokale anlegg.**

Idrettsanlegg som dekkjer konkurranskrav for idrett på lokalt nivå, med mellom anna tevlingar i aldersbestemte klassar og konkurransar i lågare divisjonar.

#### **3.4.2 Kommuneanlegg.**

Idrettsanlegg som er hovudanlegg for ein idrett i kommunen, og som kan ta idrettsarrangement av eit visst omfang t.d. krinsmeisterskap og liknande.

#### **3.4.3 Interkommunale/regionanlegg.**

Idrettsanlegg som skal tena fleire kommunar eller ein region. Anleggstypen har ingen formell status, men krev eit formelt samarbeid mellom kommunar og idrettslag i fleire kommunar.

#### **3.4.4 Fylkesanlegg.**

Idrettsanlegg som etter vedtak får status som hovudarena for ein idrett i fylket. Slik status vil normalt også gje fylkeskommunale tilskot til opparbeiding. Det er vanleg at det kan arrangerast norske meisterskap i desse anlegga.

#### **3.4.5 Riksanlegg.**

Idrettsanlegg som er hovudarena for sin idrett i landet og der ein kan arrangera internasjonale meisterskap. Staten vil normalt gje tilskot direkte til opparbeiding og i einskilde høve også til drift.

### **3.5. Nærmiljøanlegg.**

#### **3.5.1 Ordinære nærmiljøanlegg:**

Nærmiljøanlegg er enkle anlegg eller område tilrettelagt for uorganisert fysisk aktivitet som ligg i, eller er i, direkte tilknytning til bustad- og skuleområde

Nærmiljøanlegga skal ikkje dekkja trongen for anlegg til organisert idrettsleg aktivitet eller til ordinære idrettskonkurransar. Søknader skal følgja reglane som gjeld for ordinære konkurransanlegg. Tilskotet frå spelemidlane er 50% med ei nedre godkjent kostnadsramme på kr 80 000 og ei øvre ramme på kr 400 000,-. Tilskota vert såleis minimum kr 40 000, og maksimum kr 200 000,-

#### **3.5.2 Mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg:**

Dette er ei enklare ordning for mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg. Det er ingen tidsfristar for å levera desse søknadene og tilskota vert løyvd av fylkeskommunen. Ordninga har ei nedre kostnadsramme på kr 20 000 og ei øvre ramme på kr 80 000,- Tilskota frå spelemidlane vert såleis frå kr 10 000,- til kr 40 000,-

### **3.6. Anlegg for friluftsliv.**

Anlegg for friluftsliv er bygg og anlegg som ligg i tilknytning til rutenett for almen ferdsle i tur- og friluftsterreng. Dette omfattar også opparbeiding av turløyper med t.d. merking, bruer, og leskur. Tilskota før som hovudregel 1/3 regelen.

## **4. Anleggssituasjonen i dag.**

### **4.1 Vedtak i Kvam heradsstyre den 23.10 –01**

I HST - sak 079/01 **Kommuneplan for idrett og friluftsliv** vart det gjort følgjande vedtak:

- ”1.Kvam herad vedtek framlegg til kommunedelplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv 2001-2004 slik han ligg føre.
- 2.Administrasjonen får i oppdrag å utarbeida kartdelen til planen med eit temakart over dei viktigaste turvegane innan utgangen av året.
- 3.Kvam herad tek sikte på å auka tilskota til bygging og drift av anlegg som vert bygt og drive av organisasjonar frå og med budsjettåret 2002.”

Planen hadde følgjande prioriteringsliste for dei ulike anleggstypene:

#### **Idrettsanlegg:**

1. Rehabilitering av miniatyrskytebana i Dalatun.
2. Elektroniske skiver ved skytebana i Tørvikbygd.
- 3 Idrettshall Øystese.
4. Ny kunstgrasbane ved kommuneanlegget i Norheimsund.
5. Rehabilitering av grusbane for fotball og friidrett i Norheimsund.
6. Trail-bane på Heradstveit
7. Ombygging skiskyttarstadion på Sjusete.
8. Rehabilitering fotballbane og delanlegg friidrett i Øystese.
9. Fornyng Orienteringskart.
10. Ny sentral skytebane.

#### **Nærmiljø- og friluftsanlegg**

Anlegg som skal stetta krava til tilskot skal i hovudsak leggest i tilknytning til skular eller større barnehagar i tillegg til at dei dekkjer behov i fritida.

I fireårsperioden ser ein følgjande anlegg som aktuelle utan å gjera innbyrdes prioritering. Fullføring av planar og finansiering må avgjera prioriteringa av desse anlegga.

- \* Anlegg for Skileik ved Sjusete-skianlegg.
- \* Anlegget ved Ålvik skule
- \* Anlegget ved Øystese Ungdomsskule og Øystese Barneskule.
- \* Anlegget ved idrettsanlegget på Sandven som dekkjer skulane i Norheimsund og barnehagen.
- \*Anlegg ved Tørvikbygd skule.
- \*Anlegg ved Strandebarm Skule.

Andre nærmiljøanlegg kan verta vurdert dersom dei ut frå plassering og funksjon dekker eit klart behov hos brukargrupper av eit visst omfang. Tilskota til nærmiljøanlegg må i dag dekkjast innfor tilskotsposten som går til vøle og nybygg av idrettsanlegg.

### **Anlegg for friluftsliv.**

Det er viktig at Kvam herad prioriterer arbeidet med god tilkomst til naturområde og at sentrale friområdet vert tilrettelagt for allment bruk. Opparbeiding og tilrettelegging av turløyper i nærmiljøa bør støttast etter behov og på ulike nivå. Friluftsansjonane må samordna sine planar med dei retningslinjer som gjeld tilskot av spelemidlar og andre offentlege tilskotsordningar. Dei kommunale tilskota må dekkjast innafør tilskotsordningane til friluftsanlegg. I tilknytning til skular bør det sikrast naudsynt natur- og friområde. Døme er Sandvenlia i tilknytning til Norheimsund Barneskule.

Løypeplan for Kvamskogen bør rullerast i planperioden, og i samarbeid med Kvam Turlag bør det utarbeidast ei oversikt over aktuelle turstiar i Kvam. Dette bør så leggjast inn i planen sin kartdel.

### **12-års plan:**

I tillegg til dei anlegga som er nemnde i 4-årsplanen kan vi i dag sjå følgjande større anlegg som er aktuelle i eit 12 års perspektiv.

1. Anlegg for Golf.

2. Symjehall/badeanlegg.

Nærmiljøanlegg og friluftsanlegg må opparbeidast i samsvar med lokale initiativ og etter dei retningslinjer som ligg i dei offentlege tilskotsordningane. ”

## **4.2 Status i høve planen frå 2000-2004.**

### **4.2.1 Idrettsanlegga:**

For dei prioriterte idrettsanlegga har følgjande skjedd:

#### 1. Rehabilitering av miniatyrskyttarbana i Dalatun:

Anlegget er ferdigstilt utan spelemidlar.

#### 2. Elektroniske skiver ved skytebana i Tørvikbygd:

Anlegget er ferdig og spelemidlar er utbetalt.

#### 3. Idrettshallhall Øystese:

Anlegget er ferdig og tilskotet av spelemidlane på kr 5 000 000,- er utbetalt.

#### 4. Ny kunstgrasbane ved kommuneanlegget i Norheimsund:

Anlegget er teke i bruk og har i 2005 fått løyvd kr 1 000 000,- av eit totalt tilskot på kr 2 500 000

NIL Fotball har såleis måtta teke opp mellombels lån for å få dekkja inn manglande utbetaling av spelemidlar. Restsummen vert løyvd i 2006.

#### 5. Rehabilitering av grusbane for fotball og friidrett ved kommuneanlegget i Norheimsund.

Det er utarbeidd førebels planar for rehabilitering men det er ikkje kome så langt at det er fremja søknad om spelemidlar. Det er ikkje planlagt fast dekke på dette anlegget

#### 6. Trial-bane på Heradstveit.

Det er ikkje fremja søknad om spelemidlar og førebels ser det ut for at dette har stoppa opp. Truleg vil det vera aktuelt med ny lokalitet.

#### 7. Ombygging skiskyttarstadion på Sjusete.

Det er ikkje ferdige planar for dette anlegget men planlegging er under arbeid.

#### 8. Rehabilitering fotballbane og delanlegg friidrett i Øystese:

Det har ikkje vorte gjort noko med fotballbana bortsett frå tilførsel av noko grus. I samband med bygging av idrettshallen har sprintbane og lengdegrop vorte fjerna og skal etter planen erstattast med ny 60 m bane og lengdegrop i 2006.

### 9. Fornyning orienteringskart:

Det har kome oppdatering av to nye orienteringskart i perioden. Dette er gjeld kartet i Strandebarm og vidare oppdatering av Gular sitt kart på Kvamskogen. (Mødalen)

Det siste har fått tildelt spelemidlar i 2005

### 10. Ny sentral skytebane:

Kvam heradsstyre har gjort vedtak om at ny bane skal byggjast i Vangdalsåsen.

Det er førebels noko uklart kva tid anlegget kan byggjast.

#### **4.2.2. Nærmiljøanlegg.**

Når det gjeld dei anlegga som er nemnde i planen for 2001-2004 er følgjande gjennomført:

1. Anlegget ved Ålvik Skule.
2. Ballbinge ved Øystese Barneskule. Spelemidlar er løyve og vert utbetalt husten 2004
3. Ballbinge ved kommuneanlegget i Norheimsund er under arbeid og vart ferdig hausten 2005
4. Orienteringskart for nærmiljøa er utarbeidd for 2 område i Ålvik og eit område ved skulen i Strandebarm. Desse har fått spelemidlar.

For dei andre tiltaka som er nemnde som aktuelle er det førebels ikkje fremja søknad om spelemidlar.

#### **4.2.3 Anlegg for friluftsliv:**

Det har ikkje vore fremja søknader om spelemidlar til friluftsliv bortsett frå søknaden frå Handicapforbundet i Hordaland som har fått spelemidlar til aktivitetshytte på Kvamskogen. I vedtaket om anleggsplanen for 2000-2004 var det med at det skulle utarbeidast temakart over viktige turvegar. Sidan kartdelen no er erstatta av ein nasjonal database med kart over alle idrettsanlegg i kommunen har ein i staden fått gjeve ut ei bok i regi av Kvam Turlag med dei viktigaste turvegane til fjells. Det er vidare gjeve ut ei ny bok om stølsvegar i Kvam. Med desse to bøkene har ein svært gode kart og god informasjon om turvegar i Kvam. Gjennom kommunale stønadsordningar er det vidare gjort ein del rydding og bygging av bruer og det er kome fleire spesialkart med vekt på friluftsliv og rekreasjon. Løypeplanen for Kvamskogen er ikkje rullert i perioden, men det har skjedd ein del forbetring av eksisterande trasear. Dette må ein sjå i samband med arbeidet med kommunedelplanen for Kvamskogen.

#### **4.2.4. 12-årsplanen:**

I tidlegare plan er det nemnt to anlegg som aktuelle i eit 12-års perspektiv.

##### 1. Golfanlegg.

Dette anlegget har no fått sin plass på Børve og det er opparbeidd driving ranch og ei bane på 6 hol utan at det er søkt om spelemidlar. For å få tilskot av spelemidlane må det lagast eit anlegg på 9. hol. Dette kan vera aktuelt i neste 4års periode.

##### 2. Symjehall/badeanlegg:

Ei privat arbeidsgruppe i Øystese har fått utarbeidd ei vurdering av eit badeanlegg i Øystese. Det er i dag noko usikkert kva framdrift dette vil få og om det skal organiserast slik at det eventuelt kan få spelemidlar.

### 4.3 Oversikt over eksisterande anlegg:

Forklaringar:

Klasse: Viser til definisjonar kap. 3

Standard: Ei generell vurdering av kvaliteten på anlegget.

#### Idrettshallar ( fleirbrukshallar)

<i>Vi har 2 idrettshallar:</i>	<i>Klasse</i>	<i>Mål</i>		<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
		<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>			
Øystese Idrettshall	3.4.2	45	23	Parkett	Ja	God
Norheimsund idrettshall	3.4.2	45m	23m	Kunststoff	Ja	God

#### Gymnastikksalar:

<i>Vi har 9 gymnastikksalar:</i>			<i>Mål</i>		<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
			<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>			
Ålvik skule	gymsal	3.4.1	18m	10m	Tregolv	Ja	Middels
Øystese barneskule	gymsal	3.4.1	14	8	Tregolv	Ja	God
Øystese ung.sk.	gymsal	3.4.1	21m	20m	Tregolv	Ja	God
Norheimsund Vidaregåande.	gymsal	3.4.1	20m	10m	Tregolv	Ja	God
Tørvikbygd skule	gymsal	3.4,1	20	10	Tregolv	Ja	God
Steinsdalen skule	gymsal	3.4.1	14m	7m	Tregolv	Ja	Dårleg
Strandebarm skule	gymsal	3.4.1	20m	10m	Tregolv	Ja	God
Innstranda grendahus	gymsal	3.4.1	11	9	Tregolv	Ja	God
Framnes Kristne v.g. skule	gymsal	3.4,1	22	13	Tregolv	Ja	God

Fykse skule, Vikøy/Aksnes skule og Mundheim skule har berre rom som delvis stettar krav til gymnastikksal. Vikøy/Aksnes skule leiger lokale til kroppsøving og symjebasseng på Framnes kristne vidaregåande skule. Kroppøvingsrom ved Oma skule er ombygd til klasserom for småskulesteget og manglar kroppsøvingsrom. Skulen nyttar rom ved Strandebarm skule til kroppsøving.

### Idrettshus:

<i>Vi har 2 idrettshus</i>	<i>Klasse</i>	<i>Mål</i>		<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
		<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>			
Idrettshuset Ålvik. Sal og garderobar	3.4.1					Middels
Idrettshuset Norheimsund idr.pl. Sal og garderobar	3.4.2					Middels
Idrettshuset ved Strandebarm Idrettspark. Arrangementshus, sal, og garderobar.	3.4.2					God

### Symjehallar:( 12.5m )

		<i>Mål</i>					
<i>Vi har 5 symjehallar:</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>	
Ålvik skule symjehall	3.4.1	12,5m	8m			Middels	
Øystese barneskule symjehall	3.4.1	12,5m	6m			Middels	
Norheimsund skuler symjehall	3.4.1	12,5m	6m			Middels	
Framnes kristne v.g.skule Symjehall	3.4.1	12,5m	8m			God	
Strandebarm skule symjehall	3.4.1	12,5m	8m			God	

## Fotballbaner gras og kunstgras

		<i>Mål (Totalt)</i>				
<i>Vi har 2 gras/kunstgrasbaner:</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Strandebarm idrettspark	3.4.2	104	67	gras		Svært god
Norheimsund krøllgrasbane	3.4.3	104	68	krøllgras	Ja	Svært god

## Fotballbaner:( grus )

		<i>Mål</i>				
<i>Vi har 4 fotballbaner (grus):</i>	<i>Klasse.</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Øystese idrettsplass fotballbane	3.4.1	98 m	54 m	Grus	Ja	Middels
Ålvik fotballbane	3.4.1	90m	60m	Grus	Ja	Middels
Norheimsund idrettsplass fotballbane	3.4.2	105 m	60 m	Grus	Ja	Middels
Tørvikbygd idrettsplass	3.4.1	60	40	Grus	Nei	Middels
Strandebarm skule/idrettsplass	3.4.1	90 m	48 m	Grus	Ja	Middels

## Friidrettsanlegg:

<i>Vi har 3 anlegg for friidrett:</i>	<i>Klasse</i>	<i>Mål</i>		<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
		<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>			
Ålvik idrettsplass ( rundbane 360m )	3.4.1	360 m	4 m	Raudstubb	Ja	Dårleg
Friidrettsanlegg Strandebarm idrettspark.	3.4.3	400 m	7.50	Fast dekke	Ja x	Svært god
Friidrettsanlegg Norheimsund idr.pl. rundbane 400m	3.4.1	400 m	6.m	Koksgrus	Ja	Dårleg
<i>Vi har eitt delanlegg friidrett:</i>						
Øystese idrettsp., under ombygging ( sprintbane med sprangfelt )?	3.4.1	60 m	5 m	Koksgrus	Nei	Dårleg

X Strandebarm Idrettspark med lysanlegg har ikkje fått spelemidlar enno.

## Handballbaner (Ute)

		<i>Mål</i>				
<i>Vi har 1 handballbane:</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Øystese ungdomsskule handballbane	3.4.1	40m	20m	Asfalt		Dårleg

## Tennisbaner ( ute )

		<i>Mål</i>				
<i>Vi har ein tennisbane ( ute ):</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Tolomarka tennisbane	3.4.1	38m	20m	Grus		Dårleg

## Langrennsanlegg / Skiløyper:

		<i>Mål</i>				
<i>Vi har 5 langrennsløyper/skiløyper:</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Lysløype, Vikedal	3.4.1	1000m			Ja	Dårleg
Sjuseter langrennsanlegg	3.4.3	5000m			Ja	God
Breimyråsen lysløype	3.4.1	400m			Ja	Middels
Lysløype Åse på Omastrand	3.4.1	1300m			Ja	Bra

## Skiskyttaranlegg:

		<i>Mål</i>				
<i>Vi har eit skiskyttaranlegg</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Skiver</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Skiskyttaranlegg Sjusete	3.4.3	2.5 km	10		Ja	Middels



### Alpinbakkar: (Privateigde)

		<i>Mål</i>				
<i>Vi har 3 alpinbakkar:</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Norheimsund skiheis	3.4.1	500m			Ja	Middels
Kvamskogen aktiv	3.4.3	250m	50m		Ja	God
Furudalen alpin	3.4.3	350m	200m		Ja	God

### Hoppbakkar.

		<i>Mål</i>				
<i>Vi har 5 hoppbakkar.</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Myrane hoppbakke (K-68m)	3.4.3	68m			Ja	God
Myrane hoppbakke (K-35m)	3.4.2	35m			Ja	God
Myrane hoppbakke (K-15m)	3.4.1	15m			Ja	Middels
Kvamskogen hoppbakke (K-35m)	3.4.1	35m			Nei	Dårleg
Breimyråsen hoppbakke (K-15m)	3.4.1	15m			Ja	Dårleg

### Ridebanar: (Privateigde)

		<i>Mål</i>				
<i>Vi har 2 ridebaner.</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Børve Gard. Ridehall.	3.4.1	50m	30m	Grus	Ja	God
Øystese hestesenter	3.4.1	60m	30m	Grus	Ja	Middels

### **Orienteringskart:**

<b>Vi har 6 orienteringskart:</b>		<b>Klasse</b>	<b>Målestokk</b>
O.-kart	Øystese	3.4.2	1:15000
O.-kart	Sjusete	3.4.2	1:15000
O.-kart	Kvamskogen / Sjuseter	3.4.2	1:15000
O.-kart	Vikøy	3.4.2	1:15000
O.-kart	Ljonesåsen	3.4.2	1:15000
O.-kart	Strandebarm	3.4.2	1:15000
O.-kart	Mødalen	3.4.2	1:10000
O.-kart	Ålvik	3.4.2	1:15000

### **Opplæringskart (Nærmiljøanlegg)**

<b>Vi har 3 opplæringskart</b>	<b>Klasse</b>	<b>Målestokk</b>
Ålvik (2 kart)		1:5000
Strandebarm skule		1:5000

### **Sandvolleyballbanar:**

<b>Vi har 4 sandvolleyballbaner.</b>	<b>Klasse</b>	<b>Lengde</b>	<b>Breidde</b>	<b>Dekke</b>	<b>Standard</b>
Norheimsund sandvolleyballbane	3.4.2	18	10	Sand	Middels
Øystese Ungdomsskule.	3.4.2	18	10	Sand	God
Framnes Kristne v.g. skule	3.4.2	18	10	Sand	God
Strandebarm idrettspark 2 stykk X	3.4.2	18	10	Sand	God

X Har ikkje fått spelemidlar

## Nærmiljøanlegg:( ulike småanlegg )

<i>Vi har 18 nærmiljøanlegg: ( ulike småanlegg )</i>		<i>Mål</i>		<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
		<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>			
Ålvik skule	Fleirbruksareal					God
Fykse skule	aktivitetsrom	14m	6m	Tre		Middels
Fykse skule	ballplass			Asfalt		Middels
Øystese barneskule	ballplass			Asfalt/Grus		Middels
Tolomarka	ballplass	45m	20m	Grus	Ja	Middels
Norheimsund ungd.skule	ballplass			Asfalt		Dårleg
Norheimsund barneskule	ballplass 1			Asfalt		Middels
Norheimsund barneskule	ballplass 2			Grus		God
Steinsdalen skule	ballplass					Middels
Breimyråsen	ballplass	30m	25m			Dårleg
Vikøy/Aksnes skule	aktivitetsrom	15m	5,75m	Tregolv		Middels
Vikøy/Aksnes skule	ballplass			Grus		God
Tørvikbygd skule	ballplass	60m	35m	Grus		God
Innstranda skule	ballplass	55m	30m	Grus		Dårleg
Oma skule	ballplass					Dårleg
Mundheim skule	ballplass	40m	20m	Grus		Middels
Framnes v.g. gymnas	ballplass	40m	20m	Grus	Ja	God
Streandebarm Idrettspark	joggeløype	X			”	God

X Har ikkje fått spelemidlar

## Ballbinger:

	<i>Mål</i>				
<i>Vi har pr 01.01-05 2 ballbinger</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Øystese barneskule			Kunststoff		God
Sentralidrettsanlegget Norheimsund			Kunststoff		God
Strandebarm idrettspark (fått tilsegn ikkje ferdig)			Kunststoff		

## Skytebane(inne)

		<i>Mål</i>				
<i>Vi har 2 godkjende innadørs skytebaner:</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Dalatun miniatyrbane.	3.4.1	15m	6m			God
Strandebarm idrettspark miniatyrbane.	3.4.1					God

## Skytebanar:(ute)

		<i>Mål</i>				
<i>Vi har 5 skytebaner (ute):</i>	<i>Klasse</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke/Spes</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Ålvik skytebane	3.4.1	100m og 300m	20m			Dårlig
Tolomarka skytebane	3.4.2	100m og 300m	30 m	Delvis elektroniske skiver		Middels
Tørvikbygd skyttarlag	3.4.2	100m og 300m	20m	Elektroniske skiver.		God
Strandebarm skytebane	3.4.1	100m og 300m				Middels
Mundheim skytebane	3.4.1	100m og 300m				Dårlig

## Skyttarhus:

	<i>Mål</i>				
<i>Vi har 3 skyttarhus:</i>	<i>Lengde</i>	<i>Breidde</i>	<i>Dekke</i>	<i>Lys</i>	<i>Standard</i>
Skyttarhuset i Tolomarka	6m	6m		Ja	Middels
Skyttarhuset i Strandebarm	10m	6m		Ja	Middels
Skyttarhuset i Tørvikbygd					

## 4.4 Oversikt over friluftsområde:

Grunneigartilhøve: P=privat O=offentleg P/O=privat/offentleg.

FRILUFTSOMRÅDE FOR BADING I SJØ OG FERSKVATN / BADEOMRÅDE				
Namn på område	P	O	P/O	Kort omtale
Auganesstranda/Bersest randa, (Ålvik)		*		Badeområde for Ålvik, to separate strandområde. Ligg nær riksveg. Rusta opp i samband med prosjekt "turistveg". Nye offentlege toalett. Godkjent reguleringsplan frå 15.04.82.
Nanes (Steinstø)		*		Urørt fint naturområde med god utsikt ved sjøen. Mykje brukt til bading og soling. Reguleringsplan er under arbeid. Inkluderer både fri- og friluftsområde.
Kvamsøy			*	Område med fint kulturlandskap, vert brukt av båtfolk i Kvam. Svært attraktivt i friluftssamanheng. Lite tilrettelagt for bruk. Kvam herad eig stort husvære som vert nytta av speidarane. Vist som område med spesielle friluftskvalitetar i kommuneplanen 1999-2003. 280 daa er kjøpt opp i 1985/1967 av staten.
Laupsafjøra		*		Badeområde, grunt og godt egna for barn. Vist som område som skal bandleggjast til friområde i ny kommuneplan. Det er meldt oppstart av reguleringsplan for området.

Kyrkjefjøra (Øystese sentrum)		*	Attraktivt badeområde midt i Øystese sentrum. Området har vorte kraftig utbetra dei seinare åra, mellom anna med ny sand sommaren 2005. Godt egna for barnefamiljar. Vert bruk av både fastbuande og tilreisande. Nærområde til park og parkering.
Skårsvatnet		*	Badeområde for folk på Soldal og Øystese, med off. toalett, også kalla "gullfiskvatnet" der ein kan mata gullfisk. Vist som område med spesielle friluftskvalitetar i kommuneplanen 1999-2003. Laga turkart etter privat initiativ i serien "bilvandring" til Hordaland og Bergen Reiselivsråd. Det er også eit artsrikt fiskevatn
Fitjadalen		*	Svært attraktivt dagstuumråde. Område ved Blekeld er svært godt tilrettelagt for rullestol av Øystese jeger- og fiskarlag . Område ved vatn, vert mest brukt til fritidsfiske og bading/soling. Turkart i serien "bilvandring" til Hordaland og Bergen Reiselivsråd. Gjeld rundtur rundt vatnet.
Lunhaug, Skipadalen		*	Attraktivt badeområde, av dei mest brukte badeområde i Kvam. Godkjent reguleringsplan 07.10.93. 3 daa er kjøpt opp av staten i 1969. Toalett på badeplassen
Nyatreet/Vallandsholm ane		*	Unikt fint badeområde, området omfattar både holmar og fastland. Det mest brukte badeområde mellom Øystese og Norheimsund. Inneheld bygningar som eldhus, hønsehus, naust, verkstad, våningshus. Tilrettelagt for rullestol Mobilt toalett på staden om sommaren. Kommunen har laga detaljplanar og løyvd pengar til opprusting av området. Godkjent reguleringsplan 28.10.91. Oppkjøpt av staten.
Sandvenholmen		*	Ein liten holme som ligg inne i bukta ved Norheimsund sentrum. Godkjent reguleringsplan frå 30.04.85.

Blyberg (Vikøy)		*	Nærrområde for Vikøy. Området er under regulering i samband med regulering av Vikøy prestegard. Vist som område som skal bandleggjast til friområde i ny kommuneplan. Ein del opparbeidt mellom Blyberg og Vikøyevja, etter lokalt initiativ.
Vikøyevjo		*	Det mest brukte badeområdet i Vikøy i dag. Ligg i tilknytning til småbåthamn. Godkjent reguleringsplan frå 05.11.92
Langanes/Kyranes	*		Badeområde, særst godt egna til barnefamiljar. Godkjent reguleringsplan 29.08.91. Ikkje innløyst. Tilgjengeleg berre frå sjø.
Aksneset/Bruravika	*		Fint naturområde med tilstøytande kulturlandskap. Området er under regulering til friluftsområde.
Austmannholmen/Fur uholmen	*		Område ligg i /ved Berge landskapsvernområde, brukt til bading/soling/fisking. Vist som område med spesielle friluftskvalitetar i kommuneplanen 1999-2003.
Ståvik/Fredsvik		*	Svært fint område som ligg sentralt i Tørvikbygd, mykje i bruk. Godkjent reguleringsplan 29.09.87. 11 daa i Fredsvik oppkjøpt av staten i 1970.
Eidesvågen, Ljones	*		Svært fint badeområde for familie/småborn. Vist som område med spesielle friluftskvalitetar i kommuneplanen 1999-2003.
Ljonesvågen, Ljones	*		Svært fint badeområde for småborn/familie. Området er under regulering til friområde.
Bruosen/Bergsevja	*		Svært fin og familievenleg strand. Stranda vert brukt av folk frå Strandebarm og campingturister. Godkjent reguleringsplan 05.05.98.
Ploganes (Strandebarm)		*	Fint badeområde med stupetårn. Det mest nytta badeområde for folk på Tangerås.
Tangeråsneset		*	Fint badeområde, nærrområde til idrettsanlegg. Godkjent reguleringsplan 25.06.92.
Småholmane – Omaholmen (Oma)	*		Både holmar og fastland, brukt av folk i Oma. Området på fastlandet er vist som område som skal bandleggjast til friområde i ny kommuneplan.

Badefjøra (Mundheim)	*		Nærrområde for Mundheim, fin strand nær sentrum. Godkjent reguleringsplan i 2003. Inkluderer badeområde og friluftsområde.
----------------------	---	--	--

#### Andre friluftsområde sjø/badeområde:

Vikedal, Ålvik Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	Salbuвика, Ljones, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	Dysvikholmane, Oma, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003. Storholmen (Dysvikholmen) –14 daa. kjøpt opp av staten i 1976.
Vedanes, Ytre Ålvik Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	Ljonestangen, Vikingnes, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003. Tilkomst har vorte verre ved utb. av nytt drivhus	Havn, mellom Oma og Mundheim. Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.
Steinstøberget (rasteplass). Opparbeidt i samband med prosjekt "turistveg". Offentleg toalett og rasteplass	Straumastein, Ljones, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	Nærnesholmen, Mundheim, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.
Orreflåten,Steinstø	Skjæring, Strandebarm, "friluftsområde", godkjent reguleringsplanfrå 08.01.85. Parkering bør opparbeidast når svingen ved Skjæring vert retta ut.	Galtanes, Mundheim, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.



<p>Klyve, Fykse, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.</p>	<p>Larsholmen/Lingaholmen/Småholmen Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.</p>	<p>Flatesvikholmane, Mundheim, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.</p>
<p>Rossholmen, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.</p>	<p>Børsheimholmane, Bakka, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.</p>	<p>Mørkevåg, Gravdal (Mundheim) Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.</p>

### Vist på kommuneplanen:

Sørvåg (Gravdal), Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	.Augastadholmen, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	Holmen. Kommunalt eig friområde i Vikøy. Vert i ulike smanhengar brukt av Vikøy/Aksnes skule
Holmen (Gravdal), Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	Stekkavik, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	
Svanholm, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003. 7 daa kjøpt opp av staten i 1979. Tilrettelagt med flytebrygge.	Øykalven/Tjuvholmen, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	
Dragsholmen, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	Bergstø, Vist som område med spesielle friluftskvaliteter i kommuneplanen 1999-2003.	

I kommuneplanen sin arealdel for perioden 1999-2003 er det gjort vedtak om fylgjande retningslinjer;

- På alle øyar, holmar og skjær i fjorden skal natur- og friluftinteressene prioriterast
- I område som er vist på temakart med spesielle friluftskvaliteter, skal det ikkje opnast opp for tiltak som
- kjem i konflikt med desse interessene

## 4.5 Registrerte planar for anlegg 2005-2009

Hausten 2004 vart det sendt registreringsskjema til alle idrettslag, skyttarlag, friluftsansjasjonar, skular, eldreråd og grendautval med oppmoding om å senda inn framlegg på nye anlegg som det er ønskje om å få opparbeidd og som kan koma inn under reglane for tilskot frå dei statlege spelemidlane. Det kom inn skjema for 21 anlegg som ein ønskjer å få opparbeidd. I tillegg har ein fått skriftleg melding frå idrettsrådet i Kvam om 2 anlegg som Norheimsund Gym og Turn har gjort framlegg om. Vidare har Kvamskogen Næringslag muntleg meldt frå om at dei har tankar om ei lysløype på Kvamskogen og ein har også planane om ny hovudskyttebane som må inn i planen dersom det skal gjevast spelemidlar til opparbeidinga.

### 1. *Felt for Pistolbane. Kvam Pistolklubb.*

Planane går ut på at ein får ei mellombels oppgradering av anlegget for pistolskyting ved skytebana i Tolomarka medan ein ventar på nytt hovudskyttaranlegg for Kvam. Diverre kan dette ikkje få tilskot frå spelemidlane då ein her har krav om minimum 20 års avtale for bruk av området. Ved faste installasjonar er kravet 40-års leigekontrakt. Det kan vera råd å søkja om kommunale midlar, men også her vil ein måtta vurdere tidsperspektivet ut frå kor lang tid anlegget vil kunna brukast. Anlegget vil såleis ikkje koma med i 4-års planen for nye idrettanlegg som kan få spelemidlar.

### 2. *Strandebarm Idrettspark. Fullverdig friidrettsanlegg med div. tillegg. Strandebarm idrettslag.*

Det er utarbeidd ferdige planar for ei utviding av idrettsplassen i Strandebarm til eit fullverdig friidrettsanlegg. Dette omfattar også utstyrshus og tidtakarbu. Hordaland Friidrettskrets har tilrådd anlegget og ser det som rimeleg at dette anlegget får status som eit regionsanlegg. Totalkostnad er sett til kr 6 640 000,- og det er gjeve private gåver på om lag 5 000 000,- i tillegg til spelemidlar. Kommunen vil stå som byggherre for anlegget

### 3. *Ballbinge Strandebarm Idrettspark. Strandebarm Idrettslag.*

I Strandebarm idrettspark er det utarbeidd planar for ein del nærmiljanlegg. Dette gjeld mellom anna ein standard ballbinge i tilknytning til idrettsparken. Sidan dette er eit nærmiljøanlegg vert det omhandla generelt i anleggsplanen slik det vart gjort i planen for 2001-2004 og det er levert inn søknad om nærmiljømidlar for 2005 og det føreligg tilsegn om spelemidlar.

Totalkostnad kr 453 000

### 4. *Joggeløype Strandebarm Idrettspark. Strandebarm Idrettslag.*

Rundt idrettsanlegget er det planlagt ei joggeløype med mjukt underlag, denne vil ha breidd som gjer at ein kan nytta henne med motgåande felt. Også dette er eit nærmiljøanlegg som det vart søkt om stønad til i 2005. Totalkostnad ca kr 300 000

### 5. *Sandvolleyballbane Strandebarm Idrettspark.*

Det er utarbeidd planar for ei dobbel sandvolleyballbane i tilnyting til anlegget. Det vart søkt om spelemidlar i 2006. Kostnad ca kr 200 000,-

**6. Gang og sykkeveg frå Berge til Tangerås og vidare til Strandebarm idrettspark. Strandebarm Grendautval.**

Det er ønskje om å få tilrettelagt ein samanhengande gang og sykkelsti frå Berge til skuleområdet på Tangerås og vidare fram til Strandebarm idrettspark.

Dette er eit prosjekt som diverre ikkje vil kunna få stønad frå spelemidlane og det må såleis finansierast over andre ordningar. Prosjektet vert såleis ikkje teke med i prioritering av spelemidlar.

**7. Sti til Ørredalsfossen i Øystese. Øystese Grendautval.**

Planen går ut på å få bygt ein sti fram til Ørredalsfossen slik at det vert høve til å ei unik naturoppleving for turistar og for folk i lokalmiljøet. Tiltaket er godt men det stettar ikkje føremålet med spelemidlar som er knytt primært til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.

Det må her kunna søkjast om midlar frå andre stønadsordningar og tiltaket vert såleis ikkje teke med i denne planen.

**8. Ombygging Ålvik idrettsplass. Ålvik Idrettslag.**

Det er planar om å omarbeida idrettsplassen i Ålvik slik at fotballplassen får standard mål ved at den noko ukurante rundbana på 360 m vert teken bort og at det vert lagt til rette for eit delanlegg for friidrett med sprintbane og dei vanlegaste kast og hopp øvingane. Ein har no planar om å koma i gang med arbeidet sommaren 2006  
Det er sett opp ein førebels totalkostnad på ca kr 435 000,-

**9. Sjusete skisenter.**

Det er planar for fleire tiltak på Sjusete skisenter:

1. Standplass for skiskyting med strafferunde treng utvikling. Her er det ikkje gjeve spelemidlar tidlegare. Det bør vurderast om standplass bør flyttast slik at dette i større grad kjem i kontakt med arena og målområde for langrenn. Dette er viktig med tanke på publikum som bør kunna følgja skyting og målgang. Det er antyda ein kostnad på om lag kr 100 000,-
2. Det er også planar om å få lagt ein permanent sprintrasse for trening og konkurransar  
Kostnadsramme på om lag kr 40 000,-
3. Skileikområdet kan utviklast og utvidast som eit nærmiljøanlegg der det er sett ei kostnadsramme på ca kr 80 000 i planperioden.
4. Det er planar for å utvida og betra løypenettet både i lengde og standard slik at ein kan arrangera nasjonale renn. Kostnaden for dette er sett til kr 300 000,-
5. Det er også trong for å gjera noko med parkeringsplassen med betre dekke (helst asfalt)  
Det er ikkje råd å få spelemidlar til dette men det vil kanskje vera råd å få frilufsmidlar frå fylkesmannen sine tilskotsordningar i tillegg til kommunale midlar.  
Kostnad ca 70 000
7. Til slutt er det planar om å få laga ein samanhengande turtrasè frå Sjusete til Byrkjesete.  
Dette vil vera eit felles prosjekt mellom Sjusete Skisenter og næringslaget på Kvamskogen og det vil vera mogeleg å søkja om spelemidlar til dette prosjektet.  
Total kostnad ca kr 600 000,-

Laget ser at dette totalt vil måtta opparbeidast over tid og ein vil koma tilbake med prioritering av desse prosjekta.

**10. Skileikanlegg. Kvam Langrenn og skiskyttarklubb.**

Framlegget gjeld utvikling av skileik område på Sjusete med tilrettelegging for kulebakkar, orgeltramp og hopp. Kostnad er sett til kr 79 000, og det kan såleis vera mogeleg å få dette inn som eit mindre kostnadskrevande nærmiljøanlegg.

**11. Elektroniske skiver Strandebarm Skytebane. Strandebarm skyttarlag.**

Planen går ut på ei total utbygging av eksisterande bane med elektroniske skiver. 6 på 100 m. og 12 skiver på 300 m. Total kostnad 1.424 140,-

**12. Nærmiljøanlegg ved skuleområdet i Norheimsund.**

Skulen ønskjer å få rusta opp uteområdet sitt for meir fysisk aktivitet for elevane.

Dette gjeld særleg i friminuttane. Skulen har vore med i ein planleggingsfase saman med Norsk Form. Dette må planleggjast som eit nærmiljøanlegg og det vil vera mogeleg å få spelemidlar på inntil kr 200 000 dersom planane legg til rette for meir fysisk aktivitet.

**13. Nærmiljøanlegg i Breimyr. Vikøy idrettsklubb.**

Det er sært lite opplysningar om kva ein tenkjer seg her. Det må planleggjast meir før ein kan ta stilling til det, men truleg kan det vera aktuelt å planlegga dette som eit ordinært nærmiljøanlegg eller som eit mindre kostnadskrevjande nærmiljøanlegg.

**14. Ballbinge ved Steinsdalen skule. FAU Steinsdalen skule.**

FAU ved Steinsdalen skule har ei tid arbeidd med planar om ein ballbinge ved skulen. Skuleplassen er ikkje stor nok til ein ordinær ballbinge, men det kan vera mogeleg å opparbeida ein ballplass som kan gje grunnlag for nærmiljømidlar.

**15. Delanlegg for friidrett ved Øystese Idrettsplass. Øystese idrettslag.**

Det er ønskje om å få på plass eit enkelt friidrettsanlegg i tilknytning til idrettsplassen i Øystese. Dette ligg i planen for utearealet ved idrettshallen i Øystese og skal opparbeidast av Kvam herad som erstatning for det friidrettsanlegget som vart teke bort ved bygging av idrettshallen. Sidan ein har fjerna tidlegare anlegg som det var løyvd spelemidlar til kan ein ikkje få spelemidlar til dette.

Det er løyvd kommunale pengar til dette i 2006

Stenging av biltrafikk langs Øysteseelva er ei regulerings sak som ikkje vert vurdert i denne planen.

**16. Ridebane ved Børve Gard. Øystese Ride og Køyreklubb**

Det er plan om å få opparbeidd ein eigen ridebane ved Børve gard då plassen som vert no vil verta nytta til andre føremål. Det må utarbeidast planar for anlegg i tråd med reglane for spelemidlar og anlegget kan såleis verta aktuelt for tilskot frå spelemidlane.

**17. Garderobeanlegg ved Norheimsund Stadion. N.I.L. Hardanger Fotball**

Utbygging av ny bane ved idrettsanlegget i Norheimsund har ført til underskot på garderobar. Det er difor ønskje om å byggja på eksisterande idrettshus med eitt sett garderobar. Prosjektet gjev grunnlag for spelemidlar og har ei førebels kostnadsramme på kr 2 100 000,-

**18. Fotballhall. N.I.L. Fotball.**

N.I.L. Fotball har plan om å få bygt ein fotballhall som skal kunna nyttast av alle lag I Kvam og av dei vidaregåande skulane i Kvam. Total kostnad ca kr 17.700 000

**19. Klubbhus: N.I.L. Fotball/ N.I.L. Bordtennis**

Det er ønske om å få byggt på eksisterande idrettshus med kontor for fotball og bordtennis og fast treningslokale for N.I.L. Bordtennis. Det føreligg ikkje noko kostnadsoverslag for dette anlegget.

**20. Hardanger Golfklubb.**

Planen gjeld å byggja ut golfbana frå 6 til 9 hol. Dette gjev då grunnlag for at det kan søkjast om spelemidlar til heile anlegget som kan gje 2 000 0000 i tilskot frå spelemidlane. Kostnaden med utbygging av dei siste 3 hola er kostnadsrekna til kr 2 500 000,-

**21. Renovering av friidrettsdelen ved idrettsanlegget i Norheimsund. N.I.L. Gym og turn.**

Det er ønske om å få oppgradert/renovert friidrettsdelen ved idrettsanlegget i Norheimsund. Dette er eit kommunale anlegg som i dag treng ei skikkeleg renovering for bruk av skular og idrettslag. I og med at ein no får eit flott konkurranseanlegg i Strandebarm bør anlegget i Norheimsund bli eit tilfredsstillande treningsanlegg og eit konkurranseanlegg for aldersbestemte klassar og for skulane i Norheimsund.. Sjølv om dette er eit kommunalt anlegg bør det etablerast ei friidrettsgruppe i dei sentrale delane av Kvam som kan stå for aktiviteten på dette området. Dette vil vera viktig for rekrutteringa til denne sporten i framtida og det vil byggja opp under bruken av det nye anlegget i Strandebarm. Det er ikkje levert skjema for registrering av anlegget

**22. Kommunalt badebasseng: N.I.L. Gym og turn.**

Det er ikkje levert skjema for dette anlegget slik at det er svært usikkert kva som er tenkt. Ein oppfattar det som eit ønske om eit større anlegg for symjing/bading. Det er under utgreiing eit større badeland i Øystese men det er førebels uklart om dette vert eit realistisk prosjekt. Ein symjehall er uansett eitt svært dyrt anlegg både i byggekostnad og i drift.

**23. Ballbinge Øystese Ungdomsskule.**

Det er plan om å få bygt ut ein ballbinge der eksisterande handballbane ligg i dag . Kostnadsoverslag ligg i to alternativ. Alternativ 1 på kr 300 000 ,- og alternativ 2 på kr 400 000,-. Dette vert eit nærmiljøanlegg.

**24. Ny skytebane i Kvam.**

Det er ikkje levert registreringsskjema på anlegget, men Norheimsund Skyttarlag har pr telefon gjort merksam på at anlegget må inn i planen dersom ein skal få spelemidlar. Det må vidare planar til, både praktisk og organisasjonsmessig, før ein kan fremja søknad om spelemidlar. Det er gjort vedtak om regulering.

**25. Hardanger bade-sport & rekreasjonsanlegg. (Hardangerbadet)**

Det er kome inn framlegg om eit badeanlegg i området mellom hotellet og kyrkja i Øystese. Bak anlegget står Øystese Idrettslag og Øystese Næringslag. Det er utarbeidd eit prosjekt for anlegget av Asplan Viak. Totalkostnad for anlegget er stipulert til ca 65 millionar. Finansiering er avhengig av kven som skal eiga anlegget og det vil uansett vera snakk om store summar både for investering og driftsmidlar.

**26. Kunstgras ved Idrettsplassen i Øystese.**

Det er 25.08-05 kome innspel om å leggja kunstgras på idrettsplassen i Øystese. Kostnadsramma er sett til kr 4 724 950 og det er tanken at anlegget skal finansierast utan kommunalt tilskot. Det er uklart om kva masseutskifting som må gjerast for at det kan leggjast fast dekke slik at kostnaden kan endra seg ved endelege planar.

**27. Trening/trim-løype i traseen for Sjusete-løypene på barmark.**

Frå arbeidsgruppa er det framlegg om å oppgradera skiløypa på Sjusete til også å kunna nyttast på barmark til trening og trim. Dette vil medføra påkjøring av grus og eventuelt sagmugg noko som også vil vera ein føremon for løypetraseen på vinterstid. Dette vil kunna koma inn under ordninga for nærmiljøanlegg.

**28. Turlagshytte ved Vending mellom Fugladalen og Hamlagrø:**

Det er kome muntleg melding om at Kvam Turlag er i gang med å få etablert ei turlagshytte ved Vending. Prosjektet er fullfinansiert og her vert spelemidlane overført direkte gjennom Den Norske Turistforeining slik at det ikkje vil få innverknad på tildeling av dei ordinære spelemidlane til anlegg i Kvam herad. Det er heller ikkje rekna med kommunalt tilskot til prosjektet. Ein finn det likevel rett å nemna det i denne planen.

## 5. Vurdering av anleggssituasjon og aktivitet.

### 5.1 Generelt om anlegg og aktivitet.

Anlegg er føresetnad for aktivitet enten det er enkle naturgjevne anlegg, eller det er spesielle anlegg med nøyaktige krav. Grunnlaget for utbygging av anlegg vil, og bør til ei kvar tid, vera tilpassa aktivitetsnivået. Idrettsaktiviteten vil generelt skifta i tråd med trendar og utvikling, der nye idrettar kjem, og der gamle idrettar misser utøvarar og interesse.

Kostbare spesialanlegg bør ein difor vurdere strengt ut frå aktivitetsgrunnlag og framtidstrendar. Eldsjeler er idretten avhengig av, men ein må også vera vaken for at dette kan føra til at ein stundom får pressa fram anlegg som ikkje samsvarar med behov i framtida.

Det er også viktig at ein ved plassering av anlegg tek omsyn til infrastruktur, brukarpotensial, kommunikasjon, klimatiske tilhøve m.v.

Det er også viktig at anlegg for fleirbruk vert vurdert i høve til spesialanlegg og at kapasiteten på anlegget må vurderast ut frå aktivitetsgrunnlag og kostnad.

Dette er vanskeleg, men ein må til ei kvar tid vera på vakt mot feilinvesteringar innan ymse typar idrettsanlegg.

Når det gjeld utvikling av anlegg må ein også ta omsyn til folketalsutvikling og alderssamansetting i dei aktuelle brukarområda. Slik stoda er i dag har vi i Kvam årleg reduksjon i folketalet med ein høg prosent i aldersgruppa over 60 år.

Det kan også koma endringar i anleggsbehov ved gjennomføring av ny skulestruktur.

### 5.2 Utviklingstrekk frå 1995 til i dag.

I 1995 vart det gjort ei eiga undersøking på medlemstala i idrett- og friluftorganisasjonar.

For 2000 og 2005 er tala henta frå søknadene om kulturmidlar.

Vi har då denne utviklinga i Kvam:

Type lag	1995	2000	2005
Friluftorganisasjonar	640	558	637
Skyttarlag	468	330	415
Særidrettslag	511	309	2 205
Allidrettslag	2 037	2 188	1 385
<b>Totalt:</b>	<b>3 656</b>	<b>3 385</b>	<b>4 642</b>

Ut frå registrert medlemstal kan det sjå ut som det er ein kraftig auke i talet på medlemmer i idrett- og friluftorganisasjonar. Mykje av auken kjem av at vi har fått fleire særvidrettslag og at det dermed er mange som er medlem i fleire lag. Det kan likevel sjå ut som om det totale medlemsskapet i desse organisasjonane har snudd trenden frå 1995-2000. Dette følgjer truleg den generelle trenden om at tilknyttinga til organisasjonar er på veg frå dei meir idealistiske organisasjonane til organisasjonar som tilfredsstillar den einskilde sine særinteresser.

Voksteren i talet på særvidrettslag har i den siste perioden vore relativt stor truleg har dette også ført til at aktivitetsnivået har auka ved at det kome noko større variasjon i aktivitetstilbodet. Det er truleg også knytt til at anleggssituasjonen har vorte monaleg betre dei siste åra med ny idrettshall i Øystese, ny idrettsplass i Strandebarm og ny kunstgrasbane i Norheimsund. Fotballaktiviteten har hatt eit kraftig oppsving dei siste åra og det er nok innafor denne aktiviteten at den største auken i medlemstala har kome. Det vil såleis truleg vera rett når ein kan visa til vesentleg auka aktivitet på grunn av investeringane i idrettsanlegg. Det er også grunn til å merka seg at både friluftorganisasjonane og skyttarlaga har hatt ein god auke i medlemstalet frå 2000- 2005 etter nedgang frå 1995-2000.



**Allidrettslag:**

<i>Namn på laga</i>	<i>Medlemstal 1995</i>	<i>Medlemstal 2000</i>	<i>Medlemstal 2005</i>
<b>1. Ålvik Idrettslag</b>	<b>379</b>	<b>392</b>	<b>161*</b>
<b>2. Øystese idrettslag</b>	<b>578</b>	<b>520</b>	<b>689</b>
<b>3. Norheimsund allianse idrettslag</b>	<b>505</b>	<b>699</b>	<b>Sjå sær-idrettslag</b>
<b>4. Vikøy Idrettsklubb</b>	<b>118</b>	<b>161</b>	<b>100</b>
<b>5. Tørvikbygd idrettslag</b>	<b>100</b>	<b>68</b>	<b>135</b>
<b>6. Strande barm idrettslag</b>	<b>310</b>	<b>327</b>	<b>300</b>
<b>7. Mundheim Idr.</b>	<b>47</b>	<b>21</b>	<b>Manglar</b>
<b>Totalt for allidrettslag:</b>	<b>2037</b>	<b>2188</b>	<b>1385</b>

\* Ålvik idrettslag har 117 familie medlemskap og 44 enkeltmedlemskap.

**Sær-idrettslag**

<i>Namn på laget</i>	<i>Medlemstal 1995</i>	<i>Medlemstal 2000</i>	<i>Medlemstal 2005</i>
<b>1. Kvam tennis og badminton club</b>	<b>40</b>	<b>35</b>	<b>Manglar.</b>
<b>2. Rossvoll Volleyballclub</b>	<b>82</b>	<b>37</b>	<b>210</b>
<b>3. Kvam skiskyttarlag</b>	<b>118</b>	<b>30</b>	<b>Sjå Kvam LSK</b>
<b>4. Kvam handballklubb</b>	<b>83</b>	<b>40</b>	<b>105</b>
<b>5. Hardanger Skøyteklubb</b>	<b>55</b>	<b>55</b>	<b>33</b>
<b>6. Kvam Pistolklubb</b>	<b>82</b>	<b>65</b>	<b>68</b>
<b>7. N.I.L Hardanger Fotball</b>			<b>785</b>
<b>8. NIL, Bordtennis</b>			<b>84</b>
<b>9. NIL Gymnastikk og Turn</b>			<b>186</b>
<b>10. Kvam langrenn og skiskyttarklubb</b>			<b>259</b>
<b>11. Kvam Alpin</b>			<b>82</b>
<b>12. Kvam Basket</b>			<b>70</b>
<b>13. Kvam Karate</b>			<b>21</b>
<b>14. Norheimsund Miniaturskyttarlag</b>	<b>51</b>	<b>47</b>	<b>27</b>
<b>15. Hardanger Golfklubb</b>			<b>275</b>
<b>Totalt for sær-idrettslag</b>	<b>511</b>	<b>309</b>	<b>2205</b>

**Skyttarlag:**

<i>Namn på laget</i>	<i>Medlemstal 1995</i>	<i>Medlemstal 2000</i>	<i>Medlemstal 2005</i>
<b>1. Ålvik Skyttarlag</b>	<b>31</b>	<b>20</b>	<b>16</b>
<b>2. Fyksesund Skyttarlag</b>	<b>28</b>	<b>25</b>	<b>21</b>
<b>3. Strande barm skyttarlag</b>	<b>70</b>	<b>69</b>	<b>75</b>
<b>4. Tørvikbygd Skyttarlag</b>	<b>34</b>	<b>75</b>	<b>87</b>
<b>5. Norheimsund og Øystese skyttarlag</b>	<b>305</b>	<b>141</b>	<b>216</b>
<b>Totalt for skyttarlaga</b>	<b>468</b>	<b>330</b>	<b>415</b>

I høve til registreringane i 2000 manglar Mundheimsdalen skyttarlag.

### **Friluftslag:**

<b>Namnet på laget:</b>	<b>Medlemstal 1995</b>	<b>Medlemstal 2000</b>	<b>Medlemstal 2005</b>
<b>1. Naturvernforbundet i Kvam</b>	<b>78</b>	<b>50</b>	<b>65</b>
<b>2. Øystese jeger- og fiskarlag</b>	<b>232</b>	<b>180</b>	<b>175</b>
<b>3 Kvam natur og ungdom</b>			<b>16</b>
<b>4. Kvam Turlag</b>	<b>330</b>	<b>328</b>	<b>391</b>
<b>5. Ålvik Jeger og fiskarlag</b>			
<b>Totalt for friluftslag</b>	<b>640</b>	<b>558</b>	<b>637</b>

### **5.3 Fotball:**

Med den anleggsutbygginga som har skjedd i perioden 2001-2004 har fotball i hovudsak fått dekkja sitt anleggsbehov.

Med utbygginga i Strandebarm fekk Kvam den første grasbana i kommunen. Med tillegg av den gamle grusbana ved skulen som framleis er viktig som treningsbane og som skuleanlegg, vert dette området svært godt dekkja i høve til aktivitet og folketal.

Tørvikbygd har etter utbygging av skuleplassen eit brukbart anlegg for dei yngste utøvarane samt treningsanlegg for junior og senior.

I Norheimsund har bygginga av kunstgrasbana gjeve svært gode tilhøve og med den gamle grusbana er anleggsdekning i høve til aktivitet rimeleg god. Det er likevel svært mange lag i aktivitet, så kapasiteten er langt på veg utnytta i dei mest aktive periodane. Problemet er at alle vil spela på kunstgrasbana slikt at det krevst ei sterk hand i fordeling av brukstid.

Her må ein også ta omsyn til at Framnes vidaregåande har idrettsline som har trong for bruk av bane. Dette vil likevel stort sett gå føre seg i skuletid slik at det i mindre grad påverkar aktivitetstrongen til idrettslaga etter skule- og arbeidstid.

I Øystese vil eksisterande bane i hovudsak dekkja bruksbehovet for skular og idrettslag, men det vil vera trong for ei viss oppgradering av anlegget over tid med til dømes nytt toppdekke og fjerning av murkant mot Holmatun.

I Ålvik er det god kapasitet på fotballbana.

I tillegg til dette er det skuleplassar/ leikeområde/nærmiljøanlegg, ("Løkker") som langt på veg dekkjer behovet hos dei yngste når det gjeld fotballaktivitet. Særleg positivt har det vore med bygging av ballbingar (Nærmiljøanlegg) Dei to første er ferdige. Ein ved Øystese barneskule og ein ved Idrettsanlegget i Norheimsund. I tillegg er det sendt søknad om ein ballbinge ved idrettsanlegget i Strandebarm slik at denne også kan stå ferdig i 2005. Ein skal vera varsam med å plassera desse i nær tilknytning til skular og bustader då dei genererer ein del støy som kan vera sjenerande for andre skuleføremål og for busetnad i nærområdet. I framtida bør det likevel koma fleire ballbingar som kan stimulera til ballaktivitet for dei yngste.

### **5.4 Friidrett:**

Kvam har til no mangla eit godt anlegg for friidrett med eit minimum av utstyr som skal til for å kunna stetta krava i ulike øvingar.

I Strandebarm er det no opparbeidd eit kvalitetsanlegg for friidrett som stettar alle krav til nasjonale konkurransar. Ei privat gåve har gjort dette mogeleg og dette vil såleis verta hovudanlegget for friidrett i kommunen. Anlegget har ikkje vore med i anleggsplanen tidlegare

I Tørvikbygd er det mogeleg å nytta idrettsplassen til dei mest vanlege øvingane for dei yngste utøvarane og for friidrett må ein sjå på dette som eit nærmiljøanlegg.

I Norheimsund må ein etter kvart føreta ei rehabilitering av eksisterande anlegg slik at dette vert eit tilfredsstillande treningsanlegg for dei vaksne og eit brukande konkurranseanlegg for dei yngste med mellom anna skuletevlingar. Det er ein føresetnad at det etablerer seg eit friidrettsmiljø i området som kan vera pådrivar og aktivitetsskapar for friidrett i området.

Dette skal i særleg grad dekkja trongen for rekruttering i dei yngste klassane samstundes som det skal vera eit brukbart treningsanlegg for junior og seniorklassane i den sentrale delen av Kvam. Kvam herad må stå som utbyggjar av anlegget i samarbeid med brukargruppene.

I Øystese må delanlegget for friidrett med 60 meter løpebane og sprangfelt for lengde koma på plass etter utbygginga av idrettshallen. Det er eit kommunalt ansvar å få dette på plass etter at delanlegget for sprint og lengde vart fjerna ved bygging av idrettshallen. Det bør vidare finnast plass for kulering slik at det er enkelt å gjennomføra øvingar til idrettsmerke.

Saman med eksisterande idrettsplass vil dette dekkja trongen for skulane og rekrutteringsarbeidet.

I Ålvik er det ut frå aktivitetsgrunnlag eit anlegg som stort sett dekkjer behovet.

Etter innkome framlegg vil det vera aktuelt å byggja om anlegget til eit delanlegg for friidrett ved å erstatta den 360 m.lange rundbana med ei sprintbane og vidare laga til plass for dei viktigaste delanlegga som lengdegrep, kastsektor og plass for høgde.

## ***5.5. Hallaktivitetar.***

Ein stor del av idrettsaktiviteten går føre seg i gymnastikksalar og idrettshallar. Dei siste åra har aktivitetar innadørs som bordtennis, badminton, basketball og handball hatt auka tilslutnad i dei sentrale delene av kommunen. Dei tradisjonelle gruppene innan gymnastikk og turn har vore i tilbakegang eller har fått nye yringsformer med nye aktivitetsnamn.

Vi har også døme på at det er starta private grupper på kommersiell basis.

I Kvam er det ikkje eit tilbod frå private treningsstudio, men ein har likevel sett at tradisjonelle trimaktivitetar for ymse aldersgruppene har arbeidd relativt tungt.

Problemet har i stor grad knytt seg til mangel på vaksne instruktørar og leiarar meir enn til mangel på salar og aktivitetsrom. Trass i gode stønadsordningar til leiarutdanning er det diverre i dag færre som er villig til å påta seg slike oppgåver. Dette er kanskje største trusselen mot å halda oppe aktivitetstilbodet til ulike grupper gjennom frivillige organisasjonar..

Trendar med alternative kommersielle tilbod der det er relativt kostbare å delta kan på sikt svekka det almene tilbodet gjennom frivillige organisasjonar. På andre sida vil det kunna gje større fleksibilitet i tilboda om fysisk aktivitet

Alle bygdelaga har i dag tilgang på gymsalar/aktivitetsrom innan rimeleg avstand om enn med noko varierende kvalitet. Ved nedlegging av skular i grendene er det viktig at ein opprettheld trim og aktivitetsrom der dette eksisterer.

Etter at vi i perioden 2000-2005 har fått ny idrettshall i Øystese er kapasiteten for hall-idrettar svært god i Kvam.

## ***5.6 Ski:***

**For alpinanlegga** har det skjedd relativt store endringar som fylgje av at unormalt dårlege snøvintrar i lågare strom, er vorte det normale: Dei små treningsanlegga for alpint som ein tidlegare hadde i nærmiljøa, er borte. Snøen er altfor ustabil til slike anlegg i låglandet har aktualitet. For alpint og snowboard vil dei private anlegga på Kvamskogen vera det alternativet som ein må nytta seg av i framtida, og dette gjev i høve til landet elles, eit brukande tilbod til innbyggjarane i Kvam. Det er såleis eit godt alpint miljø i dei sentrale delene av bygda.

**For hoppporten** er situasjonen verre. Her har det ikkje har vore mogeleg å få opp rekruttering ved bruk av hoppanlegget på Myrane dei få periodane der det har vore brukbare snøtilhøve.

Slik situasjonen er bør det ikkje byggast fleire større anlegg, men små bakkar inntil 15 m kan leggest inn i skileik område (Nærmiljøanlegg) der tilhøva ligg til rette for det. Med den oppslutnad som hoppporten har i dag er det ikkje grunnlag for større investeringar i plastbakkar. Dersom det skal skapast liv i hoppporten må ein truleg starta med småanlegg på Sjusete der ein førebels har rimeleg stabile snøtilhøve.

**For langrennsporten** er situasjonen ein annan. Anlegget på Sjusete med relativt gode snøtilhøve har gjeve framifrå tilhøve for langrennsporten. I ytre delen av kommunen har anlegget på Åse saman med preparering av vegen til Holsete, gjeve brukbare treningstilhøve. Dei andre lokale anlegga har slite med dårlege snøtilhøve og er lite eller ikkje i bruk. Anlegget på Sjusete har gjeve god rekruttering og eit stabilt langrennsmiljø med profesjonelle arrangørar for ulike konkurransar.

På Sjusete bør det byggast ut område for skileik med rekrutteringsanlegg for andre disiplinær. Vidare bør ein ta sikte på å laga ein trase frå Sjusete til Byrkjesete på Kvamskogen med tanke på vanleg turgåing og turrenn.

**Skiskyttar-** og langrennslaga har organisatorisk gått saman til Kvam langrenn- og skiskyttarklubb. Dette har vore ei styrking av begge miljøa og for skiskyting har det gjeve gode resultat i dei yngre årsklassane. Arenaen for skiskyting er brukbar for trening og lokale konkurransar men dersom ein ynskjer å utvikla anlegg til større arrangement må det etablerast ny standplass som er betre tilrettelagt for både utøvarar og publikum.

Også langrennsanlegget bør få ein meir permanent skistadion i høve til bygg og løyper. Det bør såleis lagast ein ny plan for stadionanlegget som omfattar både ny standplass for skiskyting og ein betre organisert langrennsstadion.

## ***5.7 Symjehallar:***

Som ein ser frå oversikta over anlegg har ein ei rekkje små symjehallar i kommunen. Desse dekkjer i hovudsak trongen for symjeopplæring i grunnskulen, men gjev eit relativt dårleg tilbud til resten av innbyggjarane på grunn av kapasitetsmangel. Det beste tilbudet og det nyaste bassenget har ein i Strandebarm skule. Også bassenget ved Framnes kristne vidaregåande skule har eit brukbart basseng der nokre grupper har høve til å leiga seg inn. Anlegga gjev ikkje høve til å driva konkurransesymjing i særleg omfang og det er heller ikkje anlegg som stettar ynskje om eit folkebad. Det manglar også eit varmebasseng for spesielle grupper som treng dette som terapi.

Øystese idrettslag og Øystese næringslag har fått utgreidd eit bade- og rekreasjonanlegg som stettar desse behova.

Kostnaden både i bygging og drift er svært høg og det er neppe realistisk at dette kan få ei sjølvberande drift på kommersiell basis med det brukarpotensialet som det realistisk er i området.

Dersom Kvam herad skal tungt inn i prosjektet med investering og driftsmidlar er det vanskeleg å sjå at dette kan vera aktuelt i dei første 4. åra.

Et slikt anlegg bør nemnast i 12-års planen utan at ein tek stilling til eigarskap og plassering.

## ***5.8 Skyttarlaga sin aktivitet.***

Skyttaraktiviteten er delt mellom det frivillige skyttarvesen (baneskyting og feltskyting), og lag som er knytt til Norges Idrettsforbund (miniatyrskyting, pistolskyting og lerdue/trappskyting)

### *Baneskyting:*

I Kvam har det frivillige skyttarvesen rike tradisjonar og det har vore meir eller mindre godkjende baner rundt i heile bygda. I dag er toleransen frå ålmenta ovafor slike baner langt lågare enn tidlegare. Dette har både med støy og tryggleik å gjera. Vi har hatt baner i Mundheimsdalen, Strandebarm, Tørvikbygd, Tolomarka, Fykse/Steinstø og i Ålvik. Dei mest brukte er banene i Strandebarm, Tørvikbygd og Tolomarka. Bana i Ålvik er i konflikt med bustadområdet og har redusert bruk. Banene i Mundheimsdalen og på Fykse/Steinstø er stort sett brukt til øvingsskyting.

Skytebana i Tørvikbygd er nyleg bygd ut med støyskjerming (skyttarhus) og elektroniske skiver. Dette er i dag eit moderne anlegg for trening og mindre stemner.

Hovudbana i Tolomarka er kome i konflikt med utbygging av bustadfelt. Kvam heradsstyre har gjort vedtak om at ny hovudskytebane for Kvam skal byggjast i Vangdalsåsen. Det vil truleg ta tid før planane for dette anlegget er ferdig utgreidd og godkjent av alle instansar. Slik det ser ut i dag vert skytebana liggjande der ho er ei tid framover, både på grunn av endeleg godkjenning og på grunn av økonomiske tilhøve. Framdrifta vert heller ikkje betre av at plasseringa ikkje er noko primært ønskje frå skyttarlaga.

Skyttarlaget i Norheimsund og Øystese er dessutan i ferd med å gradvis etablere elektroniske skiver i anlegget i Tolomarka men kan diverre ikkje søkja om spelemidlar til dette så lenge det ikkje er eit permanent anlegg med 40 års avtale for bruk.

I Strandebarm er bana godt brukande til mindre stemner og trening og det er levert planar om oppgradering av bana med elektroniske skiver.

### *Miniatyrskyting:*

Det er ei godkjent bane i "Dalatun" Samfunnshus som nett er oppjustert etter nye krav. Vidare er det bygt ny miniatyrbane ved idrettsanlegget i Strandebarm. Med desse to anlegga er dekninga for miniatyrskyting relativ god og det føreligg ikkje planar om nye banar av denne typen.

### *Pistolskyting:*

Pistolskyttarane manglar i dag fast tilhaldsstad og har berre provisoriske anlegg i tilknytning til eksisterande skytebaner. Kvam Pistolklubb har levert inn ønskje om å etablere seg i Tolomarka i tilknytning til eksisterande skytebane. Det er neppe aktuelt med å laga eit permanent anlegg her når det er vedteke at eksisterande skytebane skal flyttast.

Det har vore eit ønskje at det vert laga eit permanent anlegg i samband med etablering av nytt hovudanlegg for baneskyting. I den samanhengen kan det vera aktuelt også med ei riflebane. Ei avklaring her ser ut for å ta noko tid.

### *Leirdueskyting (trapp og skeet):*

Leirdueskyting føregår i dag på Øystese Jeger og fiskarlag si bane på Melstveit. Dette er ei mellombels løysing og for så vidt provisorisk bane. Det er eit sterkt ønskje om å etablere ei permanent bane for trapp og skeet. Det er ikkje innmeldt planar for eit slikt anlegg i samband med revisjon av anleggsplanen.

## **5.9 Golfanlegg:**

Sidan planen for 2001-2004 har det skjedd mykje med etablering av ei permanent golfbane i Kvam. I området Børve-Tolomarka er det etablert ei mellombels godkjent bane med 6 hol og "driving ranch". Det er gjeve noko kommunale tilskot til anlegget men i svært stor grad er dette finansiert med eigne midlar og stor dugnadsinnsats. For å få spelemidlar til må det oppgraderast til minimum 9 hol, og ein må få 40-års leigekontrakt for det aktuelle området. Golf er vorten ein folkesport med stor oppslutnad, og aktiviteten er også viktig for turisme og overnattingsverksemdar. Anlegget bør difor inn i 4-års planen for anlegg i Kvam.

## **5.10 Andre idrettsaktivitetar:**

Vi er inne i ein trend der ein del nye aktivitetar vert etablert i idrettsmiljøet. Dette gjeld uorganiserte aktivitetar som til dømes rullebrett-rampar og "buldrerom" som er typiske ungdoms-aktivitetar.

Denne type aktivitet har ofte korte tidsperspektiv samstundes som det er sterke ønskje om etablering på kortast mogeleg tid. Anlegg for denne type aktivitet bør ha relativt låg kostnad og må i hovudsak dekkjast av kommunale midlar og eventuelt statlege nærmiljømidlar.

Fleksible aktivitetsrom bør også etablerast som faste installasjonar i tilknytning til t.d. allaktivitetsdelen i det framtidige regionale kulturhuset.

Døme her er også rulleskøytebana som er etablert i tilknytning til parkeringsarealet ved kyrkje og idrettsplass i Norheimsund og ein enkel klatrevegg i Øystese Idrettshall.

## **5.11 Orienteringskart.**

Vi er i Kvam relativt bra dekkja med orienteringskart. Det vil likevel frå tid til anna vera trong for nye opptrykk og justering av kartgrunnlaget på grunn av endringar som har kome med nye vegar, dyrking og andre anlegg som endrar naturen. Dette må gjerast når trongen melder seg og må takast inn på generelt grunnlag i prioriteringsplanen.

## **5.12 Nærmiljøanlegg:**

Ordninga med nærmiljøanlegg er ei svært god ordning for etablering av enkle aktivitetsanlegg for barn og ungdom der det ikkje er eit mål å skipa til ordinære idrettskonkurransar. Det vert her ytt 50% tilskot innafor visse rammer. (Sjå definisjonar)

Tidlegare er det bygt 3 sandvolleyballbanar og i dei siste fire åra har ein fått 2 ballbingar. Ein ballplass ved Ålvik skule og opplæringskart for orientering i Ålvik og Strandebarm

Så sant det er mogeleg ut frå areal, plassering og støy i høve bustadområde og skule, bør ein prøva å utvikla nærmiljøanlegg i nærleiken til skulemiljø slik at anlegga kan brukast både i skuletid og på fritid. Unntaket er her anlegg for skileik som må plasserast der det er rimeleg stabile snøtilhøve. Timetalet i kroppssøving i Noreg er altfor lite, men det er viktig at ein i kroppssøvingfaget tek heile nærmiljøet i bruk til kroppslig utfolding.

## **5.13 Anlegg for friluftsliv:**

I kommuneplanen for Kvam har ein følgjande hovudmål for friluftslivet i heradet:

- 1. Kvam herad skal sikra område med gode kvalitetar som gjer det mogeleg å driva friluftsliv i nærmiljøet, ved sjøen og i "Urørt" natur som ein helse-, trivselsskapande og naturvenleg aktivitet.*
- 2. Kvam herad skal leggja til rette for fritidstilbod som gjev alle innbyggjarane og tilreisande i Kvam eit variert og godt fysisk og sosialt aktivitetstilbod med sikte på å styrkja helse, trivsel og fellesskap.*

3. Det skal utviklast nye hytteområde som tek omsyn til og legg vekt på estetikk, natur, friluftsliv, kulturlandskap og rekreasjon.

I kommuneplanen er det vidare utarbeidd strategiar for å nå desse måla: Vi tek med følgjande:

**”38 Strategiar for filuftsområde:**

38.1 Nye og eksisterande friluftsområde ved sjøen skal ha godt vedlikehald og gjerast tilgjengeleg frå sjø og land.

38.2 Ta vare på og sikra ålmenta sin tilgang til natur og friluftskvalitetar på øyar og holmar i Hardangerfjorden.

38.3 Regulerte friområde skal innløysast og tilretteleggjast for aktivt bruk.

38.4 Ta vare på kommunen sitt mangfald av gode kulturlandskap, og leggja til rette for ålmenta si oppleving av dette.

**39 Strategiar for ”urørt natur”:**

39.1 Ta vare på kommunen sin mest ”urørte natur” og hindra vasskraftutbygging, veganlegg, kraftliner hytter og andre tekniske instalasjonar i desse områda.

**40 Strategiar for friluftslivet i strandsona:**

40.1 Sikra tilgjenge for ålmenta for aktivt friluftsliv i strandsona.

**41 Strategiar for å ta vare på ”hundremeterskogen” ved skular og barnehagar.**

41.1 Aktivt bruk og kontinuerleg kontakt med skular og barnehagar i planar og planprosessar i nærområda til desse

41.2 Leggja til rette for uteområde for skular og barnehagar.

I ei undersøking som Norsk Gallup gjorde for Naturvernforbundet i Kvam kjem det fram at 8 av 10 innbyggjarar meiner friluftaktivitetar i strandsona er viktig eller svært viktig for deira trivsel i kommunen og 75% seier friluftsliv generelt er viktig for at dei blir buande i kommunen. Vidare er 60% skeptiske til kommunen si byggehandsaming i strandsona.

I Kvam er det gode tilhøve for å driva eit allsidig friluftsliv, både sommar og vinter. Friluftsliv i ”urørt” natur, er ein av ressursane kommunane har å tilby sine innbyggjarar, men også desse er trua. I fjellet er det stadig ynskje og planar om kraftutbygging og linjeføring, medan det langs med sjøen etter kvart har vorte vanskelegare å komma til p.g.a. hytter og anna. Hyttebyggjinga ”privatiserer” mykje større område enn berre sjølve hytta. I strandsona bør det leggjast stor vekt på ålmenta sine interesser.

Ved alle grunnskulane er det behov for friluftareal nær skulen til ”uteskule” og ekskursjonar. Dette er ikkje areal som treng særskild tilrettelegging, men det må vera høvet til å setja opp t.d. lavo, gapahuk eller telt. Eit slikt anlegg med lavo vert no etablert på Kvamskogen etter initiativ frå Franmes vidaregåande skule. Slike område bør leggjast slik at elevane kan ferdast trygt frå skulen til området. Området bør og vera så pass stort at barn i ulike aldersgrupper kan nytta området utan å nytta same området heile tida. Det er vesentleg at skular kjem tidleg inn i arbeidet med arealplanar som omfattar aktuelle naturområde for skulen.

Det er i framtida viktig at ein i alt planarbeid sikrar fri ferdsel til tuområda og at ein ikkje byggjer ned gamle vegar og stiar. Tilrettelagde turløyper og stiar, med godt underlag og lett tilkomst i nærleiken til buområde og skuleområde, er svært viktig på bakgrunn av at korte spaserurar er den vanlegaste friluftaktiviteten hjå folk.

Oppkøyrde løyper for turgåing på ski finn ein på Kvamskogen og på Sjusete. Desse må vedlikehaldast og utviklast som eit allment friluftstilbod. Ei løype frå Sjusete til Byrkjesete på Kvamskogen er eit aktuelt anlegg ,og kan kanskje kombinerast med behov for skogsveg som gjer det lettare å ta ut ved i området.

Det har dei siste åra kome ei rekkje skogsveggar i kommunen. I nokon grad har dei ein positiv funksjon som turveg, men i mange tilhøve har dei også ført til skjemmande naturinngrep. Særleg viktig er det at dei ikkje øydelegg gamle kulturminne og at dei får ei grundig vurdering både når det gjeld nytteverdi og traseval.

I Kvam må ein i framtida vera svært varsam med å tillata ny utbygging i strandsona. Dei friområda som det er framlegg om i kommuneplanen må sikrast og tilretteleggjast i samarbeid med fylke og stat. Vidare må ein så langt som mogeleg lata det som ikkje er utbygt liggja som LNF-område, eller at ein del av dei mest attraktive område som ikkje skal sikrast, vert vist som område med spesielle friluftskvalitetar.

Nokre sentrale friområde/badeplassar må tilretteleggjast slik at dei fungerer i høve til større brukargrupper. Så langt som mogeleg må dei mest nytta friområda verta tilgjengeleg for funksjonshemma.

Nyatreet er eit godt døme på eit slikt friområde som kan tena heile den sentrale delen av kommunen og som dermed treng ein del tilrettelegging og vedlikehald. Mange av dei andre friområda ved fjorden kan langt på veg bevarast utan større naturinngrep eller utbygging, men det er viktig at nokre av dei mest brukte får tilfredsstillande toalett-tilhøve. Dette har vi døme på at grendalaga har teke seg av i eit samarbeid med kommunen. Målsetjinga må vera at alle grender og bygder har sykkel- eller gåavstand til gode og sikra badeområde.

## ***5.14 Treningscenter.***

Mange stader har det vorte bygt opp treningscenter på kommersiell basis. Desse dekkjer eit behov hos ulike aldersgrupper og kan vera eit viktig supplement til dei tilboda som dei frivillige idrettsorganisasjonane driv. I Kvam har det vore ein del tankar om ei slik etablering og dette er også eit tiltak som vil kunna gje eit tilbod til ungdomsgrupper og til andre som ikkje er aktive i det organiserte idrettstilbodet. Førebels har ikkje slike planar kome til reell utføring.

## ***6. Trong for nye anlegg.***

### ***6.1 Idrettsanlegg.***

Når det gjeld nye anlegg og rehabilitering av anlegg som det er planar for, viser ein til merknader i kap. 4 og 5

Det som står att og som kan vera aktuelt for spelemidlar kan kort listast opp som følgjande:

1. Strandebarm Idrettspark. Fullverdig friidrettsanlegg med arrangementshus.
2. Ny sentral skytebane for Kvam
3. Ny pistolbane for Kvam Pistolklubb
4. Elektroniske skiver ved skytebana i Strandebarm.
- 5.. Ombygging Ålvik Idrettsplass
6. Ny skiskyttarstadion på Sjusete
7. Omlegging av skistadion på Sjusete
8. Utvikling av løypetrasear på Sjusete.
9. Ridebane ved Børve gard.
10. Garderobeanlegg ved Norheimsund Stadion.



11. Klubbhus ved Norheimsund Stadion
12. Hardanger Golfklubb 9 hols bane
13. Rehabilitering av friidrettsbana for Norheimsund idrettsplass.
14. Fotballhall for NIL Fotball
15. Symje- og badeanlegg. For Kvam.
16. Fornying av orienteringskart.
17. Krøllgras ved idrettsplassen i Øystese.
18. Trim- og treningsløpe knytt til langrennsanlegget på Sjusete.

Orienteringskarta treng med visse mellomrom å fornyast på grunn av endringar som skjer i naturen med skogsvegar og anna utbygging. Dette må gjerast uavhengig av andre prioriteringar og må gjerast i samband med at det er trøng for trykking av nye opplag av karta.

## **6.2 Nærmiljøanlegg.**

Ein viser her til merknader i kap. 4 og 5 og nemner følgjande nærmiljøanlegg som vil kunna vera aktuelle i åra som kjem:

1. Joggeløype Strandebarm Idrettspark (Søknad levert i 2005 men fekk ikkje tilskot)
2. Sandvolleyballbane Strandebarm Idrettspark
3. Skileikområde Sjusete Skisenter
4. Nærmiljøanlegg ved Norheimsund skular.
5. Nærmiljøanlegg i Beimyr, Vikøy
6. Ballbinge ved Steinsdalen skule
7. Ballbinge Øystese Ungdomsskule.

## **6.3 Friluftsanlegg.**

Det er kome inn skriftleg framlegg på eitt anlegg som vil kunna klassifiserast som friluftsanlegg.

I tillegg har det kome muntleg melding om at Kvam Turlag er i gang med å få etablert ei turlagshytte ved Vending mellom Fugladalen og Hamlagrø. Denne er alt fullfinansiert og vil kunna søkja om spelemidlar direkte gjennom Den Norske Turisforening

Så langt har ein såleis 2 framlegg på friluftsanlegg:

1. Turløype trase frå Sjusete til Byrkjesete.
2. Turlagshytte ved Vending.

Kommunen må elles i perioden sikra at verdifulle friluftsområde vert sikra gjennom kommuneplan og innløysing av areal. I alle reguleringsplanar må ein syta for at almene friluftsiresser vert godt ivaretekne.

Opparbeiding av friområda bør i hovudsak skje i samarbeid med grendalag og andre interesseorganisasjonar og heradet må auka tilskotet til opparbeiding av slike område, for å sikra tilskot frå statlege og fylkeskommunale midlar.

Viktige nærområde til skular og barnehagar må sikrast, ”hundremeterskogen” må definerast klart i nærleiken av desse, slik at desse ikkje forsvinn. Døme på dette er område i Sandvenlia som friområder for Norheimsund skular.

Skiløypene på Kvamskogen og på Sjusete må vedlikehaldast og utviklast, og det bør vera eit mål at desse kan knytast saman til eit stort skiløypenett som strekkjer seg frå Kvamskogen til Sjusete.

Det bør vidare arbeidast for at det i nærområde til større bustadområde vert tilrettelagt turløyper/joggeløyper med tilpassa mjukt underlag og lys. Dette kan kombinerast med skogsveggar, eksisterande stiar vinterløyper m.v

I det heile bør det satsast mykje på å få folk ut i naturen, få folk til å verta glad i friluftsliv og få det interessant å vera ute i lag på tvers av generasjonar, noko som vil vera ei viktig investering med tanke på å ta vare på viktige natur- og friluftskvalitetar i kommunen..

#### **6.4 Nye anleggstypar:**

Også innan idrettsaktivitetane er vi i ei omskifteleg tid. Fleire tradisjonsrike greiner er i ferd med å mista oppslutning medan nye aktivitetsformer kjem inn. Nokre av desse er døgnfluger, men kan likevel vera eit godt tilbod til ungdomsgrupper som søker nye aktivitetsformer utanom den organiserte idretten. Ein av dei store utfordringane ein har innan fysisk forstring er å finna aktivitetsformer som engasjerer born og ungdom. Sandvolleyballbanar og rullebrettrampar er døme på slike anlegg. Innaktivitet kombinert med dårlege kostvanar kan verta helsevesenet sitt framtidige pengesluk. Også for andre aldersgrupper vil det vera svært viktig å leggja til rette for auka fysisk aktivitet som eit grunnleggjande element i folkehelsa.

### **7. Handlingsprogram.**

Handlingsprogrammet vil med grunnlag i tekstdelen av anleggsplanen og ut frå retningslinene til departementet, lista opp dei anlegga som gjev grunnlag for tilskot frå spelmidlane..

I handlingsprogrammet vil ein skilja mellom

1. Idrettsanlegg.
2. Nærmiljøanlegg
3. Friluftsanlegg.

I framlegget til anlegg må ein også sjå på kva som er realistisk å gjennomføra i 4-årsperioden med grunnlag i økonomiske føresetnader og politiske prioriteringar i heradet.

#### **7.1 Grunnlag for prioritering av idrettsanlegg:**

Anlegg som er vedtekne, finansiert og som hadde søknad inne i 2005 og som ikkje har fått tilsegn om fullt tilskot vert ikkje tekne med i denne planen si prioritering men vert nemnt. Desse anlegga vart prioritert ved ny søknadsrunde i 2006.

Dette gjeld:

Idrettsanlegg:

1. Krøllgrasbana i Norheimsund. Har fått kr 1 000 000,- i 2005. Rest kr 1.500 000,-
2. Flaumljos Strandebarm idrettspark. Ikkje fått tilsegn enno.

Nærmiljøanlegg:

1. Joggeløype. Strandebarm idrettspark Ikkje fått tilsegn enno.

Generelt er det innkome ønskje om langt fleire anlegg en det som det er realistisk å få

stønad til. I 4- års planen er det likevel råd å ta med fleire anlegg enn det som det er realistisk å få tilskot til i perioden. Mange av tiltaka har førebles planar på skissestadiet og ved endeleg utarbeiding av søknader om spelemidlar kan det oppstå vanskar med igangsetting av anlegga. Det er omfattande krav til planar dersom ein søker spelemidlar og desse må oppfyllast dersom ein skal få tilskot. Vidare vil det totalt vera langt fleire søknader kvart år enn det som det er midlar til. Dette fører med seg at det kan gå fleire år før ein kan rekna med utbetaling av spelemidlar.

Prioriteringa av anlegg må av denne grunn ikkje vera absolutt. Dersom eit anlegg i den prioriterte planen ikkje klarar å få fram godkjende planar må ikkje dette hindra at andre anlegg som er klare må venta på tur. Det må såleis vera høve å vika frå den prioriterte lista dersom praktiske grunnar tilseier dette.

Ein må og påpeika at det ofte oppstår problem når eit frivillig lag tek på seg lån med renteutgifter som aukar den totale kostnaden med anlegget. Generelt sett vil ein difor rå frå å starta anlegg før spelemidlar er løyvde.

Ved prioritering må ein ta mange omsyn både når det gjeld idrettsleg aktivitet og brukargrunnlag.

I fylkeskommunen sine kriterium for tildeling er det også framheva at anlegg som er ferdigstilte eller nesten ferdigstilte skal ha prioritet ved søknad om statlege spelemidlar. Dette må ein også ta omsyn til i den prioriterte 4-års planen.

Ein har og funne det rett å ta noko omsyn til at planane var levert innan den fristen som var sett i planarbeidet.

For 2006 vil som tidlegare nemnt ikkje vera særleg sannsynleg å få tilskot til nye anlegg som ikkje søkte i 2005. Tidlegast utbetaling til nye anlegg som er med i denne planen vil såleis først koma i 2007-2008

## ***7.2 4-årig prioritert handlingsplan plan.***

### ***7.2.1. Idrettsanlegg:***

Ved prioritering av anlegg vil ein ta omsyn til anleggsdekning og aktivitetsnivå i dei ulike idrettane. Ein må også ta omsyn til at manglande anlegg ofte er hovudgrunnen til at aktivitetsnivået er lågt og det må såleis kunna byggjast anlegg der interessa er til stades utan at aktiviteten er særleg omfattande. Anlegga skal stetta behov for aktivitet hjå ulike aldersgrupper og med ulikt grunnlag for aktivitet.

Ved prioriteringa vil ein og ha noko sterkare fokus på anlegg som kan skapa eit breitt og allsidig idrettstilbod der det spesielt vert lagt vekt på tilbod til barn og unge.

Det må også takast omsyn til Hordaland fylke sine retningslinjer om at anlegg som er ferdige eller på det næraste ferdige skal ha prioritet.

Sjølv om ein har teke bort ordninga med at rehabilitering av anlegg skal prioriterast som eiga gruppe vil det likevel vera rett å ta omsyn til at ein dette har ein viss prioritet i høve til å byggja nye anlegg.

### **Kort vurdering av anlegga som vert prioritert i neste 4-års periode:**

#### **1. Friidrettsanlegget ved Strandebarm Idrettspark:**

Dette anlegget er pr. i dag det einaste som er ferdigstilt og som vil gje eit kvalitetstilbod til friidrettsutøvarar i Kvam og i kommunane som grensar til Kvam. Anlegget omfattar ny friidrettsarena samt tidtakarbu og lagerbygg slik at det er aktuelt å dela dette i tre søknader.

## 2. Ombygging Ålvik Idrettsplass:

Dette anlegget har trong for ei ombygging både med omsyn til fotballbana og for at friidrettdelen vert meir tilpassa dagens trong for eit treningsanlegg for barn og ungdom. Ei rundbane på 360 m er i dag heilt ukurant og det er aktuelt å leggja om til eit såkalla delanlegg for friidrett med sprintbanar og dei vanlegaste anlegga for hopp og kast.

## 3. Ny skiskyttarstadion på Sjusete.

Det er trong for ein skiskyttarstadion på Sjusete som er har ein noko høgare standar både for utøvarar og for publikum. Sporten er i god utvikling og det vert arbeidd med planar for korleis dette kan løysast i tilknytning til eksisterande langrennsløyper og arrangementshus.

## 4. Garderobeanlegg med administrasjonslokale ved Norheimsund Stadion.

Dei gamle garderobane i Idrettshuset dekkjer ikkje trongen i samband med den aktivitetssauken som er på anlegget i dag. N.I.L. Hardanger Fotball arbeider med planar for nye garderobar og kontorlokale. Det har også vore tankar om utviding av klubbhuset.

Garderobeanlegget med naudsynt kontor bør prioriterast.

## 5. Omlegging av skistadion og løyper på Sjusete.:

Det vert arbeidd med å sjå på organiseringa av skistadion på Sjusete. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med planlegging av ny standplass for skiskyting. Dersom ein tek sikte på å kunna arrangera større nasjonale renn er dette naudsynt samstundes om det er aktuelt å gjera nokre forbetringar av løypetraseane.

## 6. Trim og treningsløype knytt til langrennsanlegget på Sjusete.

Det er trong for ei god trenings- og joggeløype som også kan nyttast til terrengløp og konkurransar der ein kan bruka garderobar og arrangementshus. Det er rimeleg at dette vert sett i samanheng med dei planane som føreligg for å utvikla løypenettet i Sjuseterløypene. For sosialt miljø og helseførebygging er det viktig å få tilgang til treningsløyper med mjukt underlag og lys.

## 7. Golfbane på Børve:

Golfbana på Børve må utvidast til 9 hol for å få spelemidlar. I tillegg til dette kan det søkjast om midlar til øvingsområde og eventuelt vatningsanlegg. Det vert arbeidd med å få naudsynte avtalar på plass og ein vonar at ein med det første kan ha ferdig grunnlaget for å kunna søkja om spelemidlar.

## 8. Ridebane ved Børve Gard:

Øystese køyre- og rideklubb leiger i dag mellombels lokalitet. Ein reknar med at denne snart går ut og ein har planar om å etablere ein bane på Børve gard. Klubben må stå som søkjar om nytt anlegg, og denne kan verta oppdelt i fleire delanlegg. Sporten er veksande i Kvam og anlegget vil kunna gje eit tilbod til nye grupper og til utdanningsinstitusjonar.

## 9. Elektroniske skiver ved skytebana i Strandebarm.:

Elektroniske skiver er på veg til å verta innført på alle skytebaner ein vil arrangera stemner eller vil ha effektive treningstilhøve. Tidlegare er dette oppretta i Tørvikbygd og ein byggjer årleg ut med nye skiver på bana i Tolomarka. Med etablering av dette på skytebana i Strandebarm vil har ein kapasitet nok for denne sporten i heradet.

## 10. Ny skytebane i Vangdalsåsen:

Det er gjort vedtak i Kvam heradstyre at skytebana i Tolomarka skal flyttast til Vangdalsåsen. Arbeidet med reguleringsplan vil truleg starta opp med det første men det er førebels uklart kva tid ei eventuell flytting kan gjennomførast.

## 11. Krøllgras på idrettsplassen i Øystese:

Det er kome ønskje om å leggja krøllgras på eksisterande fotballbane i Øystese og planen

er no lagt ut for innhenting av tilbud. Kostnaden skal dekkjast av Øystese Idrettslag men planane er førebels ikkje teknisk godkjende for tildeling av spelemidlar, men ein reknar med at dette vil gå i orden.

Ved justering av fylket sin anleggsplan er det kome signal om at det kan verta vurdert å setja grenser for kor mange krøllgrasbaner som vil få tilskot. Det er såleis ikkje råd å gje nokon garanti for at anlegget vil få spelemidlar slik at ein i verste fall må ha dette med i finansieringsplanen. I alle høve vil det gå fleire år før ein kan rekna med tilskot av spelemidlane.

## 12. Rehabilitering av friidrettsdelen ved Norheimsund Idrettsplass.

Friidrettsdelen ved Norheimsund idrettsplass ber preg av manglande vedlikehald og i tillegg til at bana er nedsliten etter mange års bruk. Det manglar også ein del på at løpebana har den utforming som det er krav om i dag.

Kvam herad bør snarast utføra naudsynt vedlikehald og så får ein planleggja ei oppjustering og rehabilitering av anlegg til eit godt treningsanlegg og til konkurransar for dei aldersbestemte klassane. Talet på løpebanar bør eventuelt reduserast frå 6 til 4 og det må vurderast om den nye friidrettsbingen vil vera ei brukbar løysing for deler av dette anlegget.

*Ei set såleis opp følgjande prioritert liste:*

1. Friidrettsanlegg i Strandebarm idrettspark med tidtakarbu, lagerbygg og lysanlegg.
2. Ombygging Ålvik idrettsplass.
3. Ny skiskyttarstadion på Sjusete
4. Omlegging av skistadion og løyper på Sjusete
5. Ridebane ved Børve gard. (Kan delast i fleire søknader)
6. Elektroniske skiver ved skytebana i Strandebarm
7. Golfbane på Børve (kan delast i fleire søknader)
8. Krøllgras ved idrettsplassen i Øystese
9. Garderobeanlegg ved Norheimsund Stadion
10. Rehabilitering av friidrettsanlegget ved Norheimsund idrettsplass.
11. Ny skytebane i Vangdalsåsen med eventuell pistolbane. (Kan delast i fleire søknader)

### 7.2.2. Nærmiljøanlegg:

Når det gjeld nærmiljøanlegg vil ein stå noko friare når det gjeld å setja opp ei prioritert liste. Dette gjeld særleg dei mindre kostnadskrevjande anlegga. I perioden kan det koma til anlegg som vil stetta behov innafor dei områda som nærmiljøanlegga vil omfatta. Ein må her fremja søknadene etter kvar som søknadene formelt vert klare. Dette kan gjelda ulike anlegg som klatreanlegg, sykkelløyper, løyper for stavgang, skileik m.v. innafor dei anleggstypar som er godkjende som nærmiljøanlegg.

I samsvar med innkomne framlegg set ein opp følgjande liste som kan vera aktuelle i komande 4 års plan men viser til at også andre anlegg kan vera aktuelle i perioden.

I nokre høve kan det vera ei vurderingssak om anlegget skal fremjast som ordinært idrettsanlegg eller som nærmiljøanlegg. Døme på dette er trim og treningsløype knytt til Skianlegget på Sjusete.

1. Trim og Joggeløype Strandebarm Idrettspark
2. Sandvolleyballbane Strandebarm Idrettspark
3. Skileikområde Sjusete Skisenter med trimløyper
4. Ballbingar ved Øystese Ungdomsskule, Tørvikbygd skule, Steinsdalen og Oma
5. Nærmiljøanlegg i Vikøy, Norheimsund skular m.v.
6. Ski og trimløype Kvamskogen

### **7.2.3 Anlegg for friluftsliv.**

Det er sterkt avgrensa kva type friluftsanlegg som kan få spelemidlar og i vesentleg grad er dette knytt til anlegg som fremjar fysisk aktivitet i friluftsområde. Døme på dette er turløyper, turlagshytter, turkart o.v. Opparbeiding av badeplassar får ikkje stønad under denne ordninga men har høve til å søkja om midlar frå andre offentlege ordningar. Også her kan det vera anleggstypar som ligg i grenseland mellom ulike ordningar.

Av innkomne planar nemner vi følgjande som kan vera aktuelle i komande 4 års periode:

1. Tur og skiløype mellom Sjusete og Byrkjesete på Kvamskogen.
2. Turlagshytte ved Vending.

Andre anlegg må kunna vurderast.

### **7.3 12-årig plan.**

I 12 års planen for anlegg tek vi med ein del større anlegg som det truleg vil ta noko til før dei kan realiserast både ut frå økonomiske og praktiske grunnar. I det siste er det også kome fram tankar om eit aktivitetsområde på evja i Vikøy. Dette kan verta særleg aktuelt dersom det vert tilgjengeleg tunnelmassar ved vegutvikling i området.

Av dei innkomne framlegga fører ein opp følgjande anlegg som kan verta aktuelle i 12 års perspektiv. Dette er ikkje prioritert rekkjefølgje.

1. Elektroniske skiver til miniatyrskyttebane i Steinsdalen
2. Idrettshall/grusbane ved Strandebarm idrettspark
3. Symje og badeanlegg for Kvam
4. Klubbhus Norheimsund Stadion
5. Aktivitetsområde på evja i Vikøy
6. Fotballhall for N.I.L Hardanger.

### **7.4 Endring av prioritering:**

Ved endeleg igangsetting av utbygging kan det vera relativt mange føresetnader som må oppfyllast både av praktisk og økonomisk karakter. Prioriteringa må såleis ikkje vera så absolutt at eit anlegg sperrar for eit anna dersom slike føresetnader er til stades. I endeleg vedtak bør det såleis takast med at prioriteringsrekkefølga kan endrast dersom praktiske og økonomiske tilhøve gjer dette aktuelt. Større kommunale prosjekt og private prosjekt med større kommunale tilskot må innarbeidast i heradet sin økonomiplan og vedtakast i samband med budsjett og langtidsbudsjett. Dette kan gje grunnlag for å endra prioritering.

### **8. Økonomi:**

Gjennomføring av planen vil medføra årlege løyvingar som tilskot til dei mindre kostnadskrevjande anlegga. Den årlege løyvinga på kr 220 000 som i dag ligg til fordeling vil knapt dekkja det som trengst for å bygt dei nærmiljøanlegga som er nemnde.

Posten bør difor aukast til eit årleg tilskot på minimum kr 400 000,-

I tillegg til dette bør det løyvast spesielle tilskot til meir kostnadskrevjande anlegg .

Løyvingar her må innarbeidast i budsjett og langtidsbudsjett.

Dersom ordninga med momsrefusjon ikkje vert gjort gjeldande for idretts-

organisasjonane bør det for ein del av anlegga vurderast om heradet skal ta på seg ansvaret for

anleggsutbygginga. Dette må vurderast for kvart einskilt anlegg..

### **8.1 Anleggskostnader.**

Tala i tabellen er svært usikkert bortsett frå prioritet 1 der tala byggjer tilbod og erfaring frå byggeperioden. Resten er basert på innkomne framlegg og gjeldande satsar for tilskot frå spelemidlane. Ved endeleg planarbeid og fullføring av søknad om spelemidlar kan tala endra seg relativt mykje i høve til dei anslag som ligg til i dei innkomne forslaga.

#### **Idrettsanlegg: (Summar i 1000 kr.)**

Anlegg	Spele-midlar	Tilskott heradet/fylke	Privat/dugnad	Total kostnad
1 Strandebarm idrettspark	1.880	500	4.260	6.640
2.Ålvik idrettsplass	200	100	200	500
3 Ny skiskyttarstadion Sjusete	200	200	200	600
4.Omlegging løyper Sjusete	200	200	200	600
5. Ridebane Børve	700	700	700	2.100
6. Elektroniske skiver Strandebarm skyttarlag.	380	100	944	1.424
7. Golfbane Børve	1.200	900	400	2.500
8. Krøllgras Øystese idrettsplass	1.600	100	3.100	4.800
9. Nytt Garderobeanlegg Norheimsund idrettsplass.	700	500	900	2.100
10. Rehabilitering friidrettanlegg Norheimsund idrettsplass	500	1.000	?	1.500
11 Ny skytebane Vangdalsåsen	700	4.300	?	5.000

#### **Konklusjon for økonomidelen:**

- 1. Kostnaden med større idrettsanlegg må innarbeidast i framtidige budsjett og langtidsbudsjett.**
- 2. Kostnaden med mindre idrettsanlegg, nærmiljøanlegg og friluftsanlegg må dekkjast over eksisterande tilskotsordningar. Desse må justerast opp i tråd med at det vert fremja aktuelle utbyggingsplanar for tiltaka.**

### **8.2 Driftskostnader som fylgje av investeringar:**

For heradet vil ein få noko auka driftskostnader for ein del av dei nye anlegga.

Storleiken på desse vil i vesentleg grad vera avhengig av kva avtale ein kan gjera med dei laga som vil vera brukarar av anlegga.

Tilskota som heradet gjev til drift er alt i dag låg i høve til dei kostnadene ymse anlegg

har, og det er viktig å finna ein ballanse mellom kommunale tilskot og det som idrettslaga er i stand til å yta.

Skal anlegga i planen gjennomførast må det kommunale tilskotet til drift av anlegga aukast i åra som kjem. Storleiken på dette er vanskeleg å talfesta men etter ei nøktern vurdering bør tilskota frå heradet aukast med kr 100 000 årleg dei nærast 3 åra.

## ***9. Vedtak i Kvam heradstyre den 5. september 2006 Sak 084/06.***

- 1. Kvam herad godkjenner kommunedelplanen for anlegg og område for idrett og friluftsliv som eit rettleiande dokument for anleggutbygging i perioden 2006-2009.***
- 2. Dersom eit anlegg ikkje vert ferdig med godkjende planar og finansieringsplan, skal dette ikkje hindra at anlegg lenger ned på lista vert fremja for tilskot av spelemidlane.***
- 3. Planen vert kunngjort i samsvar med Plan- og Byggningslova §§27-2.***  
**Anlegg som har godkjende planar og finansieringsplan kan rykkja fram på lista, og fremja søknad for tilskot og spelemidlar.**